



# /// Årsrapport 2025



1	Innleiing frå kommunedirektøren .....	3
2	Kommunen som verksemd.....	5
2.1	Overordna mål.....	5
2.2	Politisk organisering og aktivitet .....	5
2.3	Administrativ organisering .....	6
2.4	Kommunen som arbeidsgjevar - status .....	7
2.4	Etikk og likestilling.....	12
2.5	Heiltidskultur .....	13
3	Utvikling i befolkning.....	14
4	Økonomisk utvikling – 2025 .....	15
5	Sentrale inntekter og utgifter .....	17
5.1	Rammetilskot, inntekts- og formuesskatt .....	17
5.2	Eigedomsskatt.....	18
5.3	Andre generelle driftsinntekter.....	18
5.4	Netto finansutgifter.....	20
5.5	Disponering eller dekking av netto driftsresultat .....	22
6	Finansielle måltal .....	24
6.1	Netto driftsresultat.....	24
6.2	Disposisjonsfond .....	25
6.3	Utvikling av lånegjeld med gjeldsgrad .....	26
7	Sektorområda.....	28
7.1	Administrasjon.....	28
7.2	Oppvekst.....	30
7.3	Helse og omsorg.....	36
7.4	Samfunn .....	44
7.5	Pensjon og lønsavsetjing.....	50
7.6	Kraft .....	51
8	Løyvingsoversikt .....	52
8.1	Løyvingsoversikt drift.....	52
8.2	Løyvingsoversikt drift del 2 .....	52
9	Investeringar .....	54
9.1	Prosjektliste .....	55
10	KOSTRA-tal.....	58
11	Interkommunale samarbeid.....	63
11.1	Miljøretta helsevern .....	63
11.2	Frisklivssentralen .....	63

11.3	Legevaktsentral.....	63
11.4	Sogn IPR / Sogn KO .....	63
11.5	Skog i Sogn .....	63
11.6	Sogn kulturskule.....	64
11.7	Sogn friluftsråd KO .....	64
11.8	Sogn barnevern og Sogn barnevernsvakt.....	64
11.9	Sogn PPT og logopedisamarbeid.....	64
11.10	Jordmorvakt.....	65
11.11	Sogn brann og redning IKS .....	65
11.12	Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS.....	65
11.13	Alarmsentralen IKS.....	65
11.14	Kommunearkivordninga i Vestland KO.....	65
11.15	Interkommunal samhandlingskoordinator .....	65

## 1 Innleiing frå kommunedirektøren

2025 vart på fleire område eit krevjande år for Sogndal kommune.

Samarbeidet mellom politikk og administrasjon vart sett på prøve. Ordføraren fremja prosess og sak om kommunedirektøren sitt tilsetjingsforhold. Dette grunna manglande tillit. Konflikten enda med at det vart inngått avtale mellom kommunedirektøren og kommunestyret der kommunedirektøren gjekk ut av stillinga pr oktober - 25. Det er rekruttert mellombels kommunedirektør i påvente av tilsetjing.

Kommunen la i 2025 planar for eit aktivt utviklings- og endringsarbeid. Målet var å styrke organisasjonen og sikre betre tenester gjennom nye arbeidsformer og strukturar. Utover i året opplevde kommunen uro internt knytt til intensjonane om å innføre ei brei teamorganisering og endringar i leiar- og styringsstrukturar. Dette skapte ulike reaksjonar og motstand i delar av organisasjonen.

I lys av dette vart det gjort organisatoriske grep for å skape større ro og tydelegare leiing. Mellom anna vart det etablert tre kommunalsjefstillingar, ved å konstituere, og det omstridde endringsarbeid vart justert og tilpassa. Desse tiltaka har hatt positiv effekt og bidrege til større stabilitet.

Uroa har òg hatt som resultat at sentrale medarbeidarar/driverar i utviklingsarbeidet har gått ut av organisasjonen og at turnover i organisasjon/administrasjonen elles har vore større enn ynskjeleg. Endrings- og utviklingsarbeidet har med dette hatt dårlegare framdrift enn planlagt. Kommunen held fast i eit aktivt partssamarbeid med fokus på både medarbeidar- og leiarperspektiv. Tidleg involvering av tilsette, open dialog og rom til å utforske nye løysingar for å utvikle framtidens tenester står sentralt i dette arbeidet.

Ressurssituasjonen har på fleire område vore krevjande både når det gjeld bemanning og kompetanse. Dette har påverka plan- og utviklingsoppgåver og fleire investeringstiltak, sjølv om ein har søkt å kompensere med kjøp av tenester. Planarbeid knytt til utbyggingsprosjekt samt arbeid med Kommuneplanen sin arealplan har mangla kapasitet slik at desse prosessane ikkje har hatt den framdrifta ein hadde sett føre seg.

Positivt i dette bilde er at kommunen rekrutterer godt nye medarbeidarar, men det tek naturlegvis noko tid å opparbeide kunnskap og erfaring for å gå inn i komplekse fag og utviklingsoppgåver.

Kommunen leverer gode tenester, og i det også basistjenestene innan oppvekst og helse/omsorg. Ein har på ein god måte makta å halde oppe god tenesteproduksjon. På område etter område vert det dokumentert gode resultat. Kommunalt tilsette har gjort ein svært god jobb for å få dette til i 2025, trass i ein elles litt turbulent periode. Det blir òg arbeidd aktivt med å utvikle og utvide kommunesamarbeidet i regionen på fleire tenesteområde.

Driftsøkonomien i kommunen er dårlegare enn planlagt. Resultatet i 2025 syner netto driftsresultat på minus 23 mill. kr. Budsjettmål om innsparing på lønn og på innkjøp er ikkje oppnådd. Det er grunn til uro over rekneskap lønn og vesentleg større kjøp av varer og tenester enn budsjettert. Gode inntekter, meirinntekter dette året, gir betre

resultat enn underliggjande drift syner, men resultatet er og farga av eingongsutgifter frå sluttavtalar. Sunn kommuneøkonomi, netto drift +1,5-1,75% krev eit resultat med 50 mill. kr betre balanse enn i 2025.

Etter at kommunen la fram rekneskapan 22. februar og oversendt til revisor, er refusjonsgrunnlaget for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester, som er sendt til Helsedirektoratet frå revisor, endra til eit høgare grunnlag enn det som er inntektsført i den framlagte rekneskapan. Dette blir følgt opp i 1. tertial 2026.

Investeringsrekneskapan syner eit større mindreforbruk. Dette skuldast i stor grad at Trudvangutbygginga har hatt lågare framdrift enn planlagt. Også andre tiltak har endra framdrift og forbruk som det ikkje er korrigerert for i investeringsplanen. Innan infrastruktur og VA er tiltak på vent grunna manglande kapasitet/kompetanse til å følgje opp tiltaka.

Kommunesektoren er i omstilling, og i Sogndal kommune. Samtidig som tal eldre aukar, også i Sogndal kommune, så er kommunen ein atypisk kommune med at ein opprettheld god folketalsutvikling. Kommunen har positiv flyttebalanse og gode fødselstal.

Dette gir Sogndal eit godt utgangspunkt for vidare positiv utvikling. Samstundes må kommunen bu seg på at velferdstenester som oppvekst og helse/eldreomsorg kjem under press som følgje av utfordringar knytt til rekruttering, kompetanse og kommuneøkonomi. Ein må våge å utfordre eigen praksis, ta i bruk teknologi og hente innsikt frå innbyggjarane, tilsette og andre som har erfaring med det vi står i. Slik kan me sikre at innbyggjarane får tenestene dei treng i ei framtid prega av noko uvisse og endring.

Nærings- og samfunnsutviklinga er positiv i kommunen. Det vert lagt vekt på å vere ein aktiv tilretteleggjar, og dette arbeidet er høgt prioritert i plan- og utgreiingsprosessar.

## 2 Kommunen som verksemd

### 2.1 Overordna mål

Kommunen sine tre overordna mål er vedtekne i samfunnsplanen for perioden 2021-2030: livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit. Alt me gjer og alt me satsar på skal vere i samsvar med desse overordna måla.

Vidare tek samfunnsplanen ein posisjon: Me skal vere utfordrarbygda. Det speglar levande og livskraftig lokalsamfunn i heile kommunen, men betyr òg at kommunen sjølv skal tørre å utfordre. Det gjeld eigen praksis, dei rundt oss og overordna styresmakter. Utfordrarbygda skal bruke verdiane til å utfordre oss sjølv og andre på å vere samskapande, open, god og nysgjerrig. Uavhengig av sektor, teneste og arbeidsstad.


Det er dei fem satsingsområda som skal gje overordna retning. Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn er alle tydelege på retning.

Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvardagen i tenestene.

### 2.2 Politisk organisering og aktivitet

Kommunestyret i Sogndal har 31 medlemmer og er organisert etter formannskapsmodellen.

Figur 2.2: Politisk organisering i Sogndal kommune




Føremålet med den politiske organiseringa er å sikre at Sogndal kommune har eit ope og styringsdyktig lokaldemokrati med føreseielege og inkluderande politiske prosessar. Det skal vere brei deltaking i dei politiske prosessane, der innbyggjarane vert informerte og høyrde. Folk i alle aldersgrupper og frå ulike miljø i heile kommunen skal ha innverknad på samfunnsutviklinga. Kommunestyret har i 2025 hatt 14 møter, og handsama 97 saker.

Gjennom året har kommunestyret handsama mellom anna saker om busetting av flyktningar, bygging av nye Trudvang skule, parkeringsstrategi for Sogndal kommune 2025-2028, tillitsreforma/SK 27, ulike reguleringsplanar, vertskommuneavtalar, strukturendringar for helse og omsorg, og varslingssaker knytt til kommunedirektør. Årlege faste saker som tertialrapport, finans- og gjeldsrapport, årsrekneskap og årsrapport samt økonomi- og budsjettplan.

### 2.3 Administrativ organisering

Sogndal kommune har fram til byrjinga av 2025 vore organisert i tre sektorar samt to støttetjenester, jf. organisasjonskart. Våren 2025 vart det redusert til to sektorar, og både økonomi og HR vart organisert som sjølvstyrde team våren 2025.

Figur 2.3: Administrativ organisering i Sogndal kommune



#### 2.3.1 Mellombelse organisasjonsendringar i 2025

Sogndal kommune har i 2025 hatt stor merksemd rundt organisasjonen og Kommunestyret vedtok i sak 46/2025 at det er uro i kommunen. Som oppfølging av vedtaket, og på grunn av uvisse knytt til rolla som kommunedirektør, vart det i oktober 2025 drøfta fram nokre mellombelse tiltak med dei tillitsvalde.

Det vart etablert ei overordna leiargruppe for større føreseielegheit og betre koordinering. Endringane gjaldt styring og samordning, men påverka ikkje sjøve organisasjonsstrukturen. I desember 2025 var konstituert kommunedirektør på plass. Konstituert kommunedirektør er leiav organisasjonen fram til ny er tilsett av kommunestyret.

Figur 2.3.1: Mellombels administrativ organisering i Sogndal kommune



## 2.4 Kommunen som arbeidsgjevar - status

Sogndal kommune er ein stor arbeidsgjevar med kunnskapsbaserte medarbeidarar på alle nivå og einingar. Kommunen brukar tid og ressursar på at kvar enkelt medarbeidar skal ha gode føresetnadar, gode verktøy og rammeverk til å utføre jobben sin og yte tenestene våre på ein best mogleg måte. Rekruttering er noko av det viktigaste for kommunen i åra som kjem. Me er, og skal vere, ein attraktiv arbeidsgjevar der tilsette får høve til å jobbe med fag og under tillit. Hausten 2025 vedtok administrasjonsutvalet revidert arbeidsgjevarpolitisk styringsdokument. Dette er eit viktig styringsdokument for korleis kommunen skal vere som arbeidsgjevar i framtida.

Bemanningssituasjonen og utfordringane som kommunen står ovanfor i åra som kjem vil krevje anna innretning av arbeidsmåtar og oppgåver enn det me har i dag. Arbeidet med å tilpasse og innrette oss for framtida skaut fart i løpet av 2024 og organisasjonen har jobba kontinuerleg og målretta med tillitsreforma dette året. Dette arbeidet heldt fram i 2025. Dette arbeidet har også medført at kommunen har testa alternative måtar å organisere arbeidet.

Me ser at det blir stilt store krav og forventningar til digitale løysingar, effektiv drift og nye måtar å drifte tenestene på framover. Som ein attraktiv arbeidsgjevar må me jobbe kontinuerleg og dedikert for å tilpasse oss dette på ein måte som bidreg til at me også kan yte gode tenester og vere ein spanande arbeidsplass i framtida. I 2024 og 2025 har administrasjonen jobba kontinuerleg med å etablere organisasjonsressursar og arbeidsmåtar som kan støtte einingar og team i dette arbeidet. Målet er framleis at innbyggjaren skal vera det viktigaste i alt me gjer. Ei rekke prosessar pågår i dei ulike delane av organisasjonen for å inkludere kvar enkelt tilsett i arbeidet med å identifisere korleis dei kommunale tenestene kan bli enno betre og meir berekraftige.

### 2.4.1 Tal årsverk, tilsette, kjønnsfordeling, gjennomsnittsalder og turnover<sup>1</sup>

Sogndal kommune hadde per 31.12.2025 1429 tilsette fordelt på 1234 årsverk herav 1082 kvinner og 347 menn. (31.12.24 var det registrert 1318 tilsette fordelt på 1123 årsverk, mot 1350 tilsette fordelt på 1131 årsverk i 2023). Helse og omsorg og oppvekst er dei to største sektorane med over 400 årsverk i kvar sektor. I begge desse sektorane er det også overvekt av kvinner, der det er særskilt flest kvinner i

<sup>1</sup> Tala for årsverk, tilsette, kjønnsfordeling, gjennomsnittsalder og turnover er henta frå kommunen sitt Vismasystem, BI. Tala for turnover i Sogndal kommune inkluderer både faste tilsette, engasjement, lærlingar, timelønna og utdanningsstillingar.

helse og omsorg. Snittalderen for tilsette i organisasjonen er 42 år mot 42,4 år i 2024. Snittalderen er 42,3 for kvinnene og 41,4 for menn. Ingen sektorar har snittalder over 50 år.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for organisasjonen var 86,4%. For kvinner er gjennomsnittleg stillingsstorleik 85,7%, medan den for menn er 88,4%.

I Sogndal kommune er turnover 13,5% frå 2024 til 2025. Tala er henta frå [Turnoverstatistikk - Hjem](#). Den korte definisjonen av turnover er den delen av tilsette som sluttar frå eitt år til eit anna. Tala for turnover inkluderer både fast- og timelønna, engasjement, utdanningsstillingar, faste og mellombelse tilsette samt heiltid- og deltidstilsette. Nasjonalt er turnover for både fylkeskommunar og kommunar 12,4<sup>2</sup>

#### 2.4.2 Sjukefråvær

I sjukefråværsrapporten er det teke med eigenmelding og legemeldt sjukefråvær. Fråvær grunna barn sin sjukdom og permisjonar er ikkje med i denne statistikken. Totalt sjukefråvær for heile Sogndal kommune i 2025 er 8,08 %. (2024=8,07 %) . Det er sektorane administrasjon og oppvekst som har hatt høgare fråvær i 2025 enn i 2024. For landet samla var legemeldt sjukefråvær for kommunane i 2025 7,7%<sup>3</sup>. Dette er ein nedgang frå 7,9 % i 2024.

I Sogndal kommune er det gjort eit politisk vedtak om mål på 5,5% sjukefråvær innan 2027.

Tabellen under syner sjukefråvær i prosent for Sogndal kommune per kvartal og for heile 2025.

Tabell 2.4.2: Sjukefråvær i prosent for Sogndal kommune per kvartal og for heile 2025

Sjukefråvær 2025	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla 2025
Administrasjon	6,11	5,59	8,73	8,87	7,53
Oppvekst	9,72	8,24	5,69	7,19	7,66
Helse og omsorg	10,45	9,57	8,07	9,58	9,40
Plan og teknisk	7,71	4,77	5,42	7,52	6,39
Samfunnsutvikling, kultur og innovasjon	8,15	4,29	5,87	4,33	5,7

Tabell 2.4.3: Fordeling av kortidsfråvær og langtidsfråvær i Sogndal kommune 2025.

Type fråvær	1.kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Samla
Fråvær 1-16 dagar	3,39	2,35	2,01	2,53	2,57
Fråvær over 17 dagar	6,17	5,72	4,72	5,53	5,53
Total	9,59	8,08	6,74	8,07	8,10

<sup>2</sup> Tala for nasjonale turnovertal er henta frå KS sine sider.

<sup>3</sup> SSB via KS

### 2.4.3 Førebygging og oppfølging av sjukefråvær

I januar 2025 vart *Team sjukefråvær* etablert. Teamet består av tverrfagleg kompetanse og arbeider med nærvær og førebygging av sjukefråvær i kommunen. Målsetjinga for arbeidet har vore 95 % tilstadevering blant dei tilsette. Det vart også gjennomført ei spørjeundersøking blant dei tilsette, der 151 personar svara, for å få betre innsikt i arbeidsmiljø og behov for tiltak.

Arbeidet har hatt støtte frå fleire samarbeidspartnarar, mellom anna NAV Arbeidslivssenter og Høgskulen på Vestlandet (HVL). Kommunen har også utveksla erfaringar med kommunane Hemsedal, Lærdal og Årdal, og leiarar i helse har gjennomført Basisprogram i leiing gjennom NAV.

Fleire verktøy er tekne i bruk, mellom anna prioriteringskort for tilsette, sjukmeldingstrappa, arbeid med tilretteleggingsbank og målretta tiltak i avdelingar med høgt sjukefråvær. Tilsette som er sjukmelde eller står i fare for å bli det, kan få tilbod som fysioterapiundersøking, helsesamtale ved Frisklivssentralen, oppfølging gjennom Rask psykisk helsehjelp (RPH), kurs og tilsettetrening.

Tiltaka har bidrege til auka fokus på førebygging, tilrettelegging og helsefremjande arbeid i arbeidstida. Kommunen vil halde fram arbeidet for å styrkje nærvær og redusere sjukefråvær blant dei tilsette.

I tillegg til dette jobbar einingane og leiarane med oppfølging av sjukmelde. Som del av oppfølginga skal det lagast ein oppfølgingsplan innan 4 veker, og det skal være dialogmøte med arbeidstakar innan 7 veker. Tilrettelegging og eventuelt samarbeid med NAV/lege/bedriftshelseteneste skal vere tema og takast i bruk ved behov. Rutinar for oppfølging og HMT-plan er tilgjengeleg for alle tilsette via intranett og kvalitetssystemet.

### 2.4.4 Uføregrad

Tabell 2.4.2 syner at når det gjeld uføredel ligg Sogndal kommune godt under snittet for kommunane i Vestland og området i KLP samla. I tillegg er det nedgang i uføredel frå 2024 til 2025. Pr. 31.12.25 har kommunen 47 personar med 100% uføregrad i KLP

Tabell 2.4.2: Uføregrad

Kommunar og bedrifter	Uføredel
Sogndal kommune	5,9
Vestland	8,3
KLP samla	10,3

Sjukepleiar	Uføredel
Sogndal kommune	3,8
Vestland	9,1
KLP samla	9

#### 2.4.5 Arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Sogndal kommune har 6 medlemmar, der 3 representerer arbeidstakar (HVO) og 3 representerer arbeidsgjevar.

Arbeidsmiljøutvalet hadde 6 møte + eit ekstraordinært møte i 2024. I 2025 er det arbeidsgjevar som har hatt leiarvervet i AMU.

Saker:

- Avvik (rapport lagt fram på kvart møte)
- Sjukefråværsstatistikk (rapport lagt fram på kvart møte)
- Val av leiar
- Medarbeidarundersøking
- Mellombelse tiltak i organisasjonen

Administrasjonsutvalet i Sogndal kommune er sett saman av 5 personar, 3 av dei folkevalde og 2 hovudtillitsvalde. Administrasjonsutvalet hadde 5 møte i 2025.

Saker:

- KS debatthefte
- Sjukefråvær
- Reglement og retningslinjer
- Partssamarbeid i Sogndal kommune
- Møteplan og møtestruktur
- Økonomiplanarbeidet
- Status tillitsreformarbeidet
- Arbeidsgjevarpolitisk styringsdokument

I tillegg har det vore orienteringar om m.a. kvalitetssystemet og avvik.

#### 2.4.6 Medverknad tillitsvalde og vernetenesta

Hovudtillitsvalde (HTV) har frikjøpt tid for 2025 etter drøftingar i samsvar med reglane i hovudavtalen. Det er ulik grad av frikjøp for dei ulike organisasjonane. Det var frikjøpt ei 100 prosent stilling som hovudverneombod (HVO) i 2025. Denne stillinga har vore fordelt på tre personar i 2025. I tillegg har hovudtillitsvalde gjennom deler av 2025 hatt ekstra frikjøp, til saman eit årsverk, som dei har delt mellom seg for å kunne jobbe systematisk og tett på utviklingsarbeidet i organisasjonen.

Kommunedirektøren har hatt faste møte med HTV/HVO i 2025, samt at det er faste møte både på sektor- og einingsnivå.

Arbeidet med tillitsreforma gjekk i løpet av fjoråret inn i ny fase. I 2025 heldt partssamarbeidet fram systematisert gjennom minipartssamarbeid med faste møte kvar veke. I minipartssamarbeidet er alle hovudsamanslutningane representert. UNIO har to representantar (NSF og Utdanningsforbundet), LO har ein representant (Fagforbundet), Akademikerne (NITO/Tekna) har ein representant og YS har ein representant (Delta). Minipartssamarbeidet vart avslutta med dei midlertidige organisasjonsendingane oktober 2025.

Partssamarbeidet har brukt tid i lag for å søke ei felles forståing for korleis me kan finne ein god måte å jobbe i lag på framover. Den viktigaste føresetnaden for å

lukkast med denne måten å jobbe på er at alle i partssamarbeidet kan slutte seg til prinsippet om at me kan diskutere og endre organisering av kva som helst i heile organisasjonen under føresetnad om at ein brukar arbeidsforma frå tillitsreforma.

I partssamarbeidet har arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og verneomboda ulike roller. Likevel deler ein både ansvaret for og har interesse av at Sogndal kommune lukkast med å gjennomføre dei endringsprosessane som skal til for å vere i stand til å forme si eiga framtid. Det å stå i lag betyr ikkje å vere einige i alt som vert sagt undervegs. Tillitsvalde og verneteneste er deltakarar på like premiss som alle tilsette og leiarar i alle prosessar som blir køyrt i organisasjonen, og det er partssamarbeidet som set kriterium og prinsippa for prosessane som blir køyrt.

#### 2.4.7 HMT – Internkontroll – Kvalitetssystem

Sogndal kommune har avtale med bedriftshelsetenesta Avonova og det har vore utarbeida ein eigen årleg handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT). Denne er utarbeida for kvar sektor for 2025. I løpet av 2025 er det gjennomført obligatorisk arbeidsmiljøkurs/HMT- kurs for leiarar og verneombod. Det er gjennomført vernerundar ved dei einskilde områda. Vernerunden er ei årleg vurdering av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsstaden. I tillegg har me både overordna og for fleire sektorar jobba vidare med risikovurderingar.

Kommunen nyttar kvalitetssystemet TQM Enterprise til å systematisere og dokumentere internkontrollen. Systemet inneheld modulane: Dokument (rutinar, reglement osv.), Hending (avvikshandtering), Risiko (risikostyring) og Aktivitet (årshjul) og er etablert som eit sentralt verktøy i heile organisasjonen.

Kvalitetsarbeidet i kommunen har vore høgt prioritert over fleire år og resultata viser att. Det er 2584 unike dokument i systemet, det vart registrert 1717 hendingar i 2025 og det er over 400 registrerte risikoscenarier med ulike risikovurderingar i systemet. I 2025 har arbeidet gått frå implementering til stabil bruk. Systemet er godt innarbeidd dei fleste stader. Kvalitetsteamet, der alle sektorar er representert, held eit overordna fokus på arbeidet og sikrar at alle sektorar og einingar er med, samt at systemet fungerer slik det skal.

#### 2.4.8 Kompetanseheving og leiarutvikling

I 2025 har kommunen helde fram med å jobba målretta med tillitsreform og prinsipp for tillitsbasert leiing med mål om å fremje kultur som er prega av tillit, openheit, involvering og samarbeid. Det har ikkje vore leiarsamlingar i 2025.

Kommunen har lagt stor vekt på å bygge lag blant leiarane og dei tilsette for å fremje eit miljø der leiarane og dei tilsette kan dra nytte av kompetanse på tvers og utnytte dette på best mogleg måte for heile organisasjonen. Dette samarbeidet er grunnleggande for å realisere ein tillitsbasert leiingskultur. Ved å styrke tillit og trygghet i organisasjonen er utviklinga av ein felles retning for leiarskapen sentralt. Organisasjonen jobbar kontinuerleg med å styrke ei «støttande» tilnærming til leiing som oppmodar tilsette til sjølvrefleksjon og sjølvleiing i samsvar med prinsippa om autonomi og tillit.

Sektorane jobbar i tillegg aktivt med kompetanseheving tilpassa satsingsområda til kommunen. Kva for kompetanse og korleis dette arbeidet er innretta kjem fram under sektorane sine avsnitt.

#### 2.4.9 Lærlingar

Sogndal kommune er tilslutta Sogn opplæringskontor, eit tverrfagleg opplæringskontor. Kommunen har vore ein pådrivar og føregangskommune i arbeidet med å auke talet på lærlingar. Gjennom Sogn regionråd er det inngått ein partnerskapsavtale med NHO, LO og Vestland fylkeskommune om fleire lære plassar i regionen. I avtalen er det sett eit mål om 2,5 lærlingar per tusen innbyggjarar.

Ved utgangen av 2025 har Sogndal kommune 33 lærlingar, det same talet som året før. Fire av desse er lære kandidat. Ein lære kandidat er ein person som får tilpassa opplæring fordi det ikkje er venta at vedkomande skal nå alle kompetansemåla i læreplanen.

I 2025 vart det starta 17 nye kontraktar. Kommunen har flest lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget (16) og helsearbeidarfaget (14). I tillegg har kommunen ein lærling innan kvart av faga ernæringskokkfaget, dataelektronikerfaget og service- og administrasjonsfaget.

Med dette har Sogndal kommune ved utgangen av 2025 nådd målsetjinga si med 2,6 lærlingar per tusen innbyggjarar.

## 2.4 Etikk og likestilling

Tabell 2.5: Fordeling av kvinner og menn i leiarstillingar i Sogndal kommune

	Kommunalsjef		Tenesteleiarar		Avdelingsleiarar		Sum
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Administrasjon, IKT og Nav	1		1	1	3		6
Helse og omsorg	1		7	1	19	1	29
Oppvekst og kultur		1	16	8	2		27
Plan, teknisk og samfunn	1	1	1	2	1	3	9
<b>Sum</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>25</b>	<b>12</b>	<b>25</b>	<b>4</b>	<b>71</b>

I organisasjonen samla er det overvekt av kvinner. Tenesteleiarar og avdelingsleiarar representerer likt som resten av organisasjonen overvekt av kvinner, og særleg i helse og omsorg og i barnehagar.

Ut ifrå eit likestillingsperspektiv hadde det vore ønskjeleg med fleire mannlege tilsette. I tilsettingsannonsar presiserer me følgjande: «Me ønskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal spegla folkesetnaden elles. Me oppfordrar alle som er kvalifiserte, til å søkja jobb hos oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn eller minoritetsbakgrunn. Me legg vekt på å leggja til rette arbeidsforholda dersom du har behov for det».

## 2.5 Heiltidskultur

I Sogndal kommune har me merksemd på korleis me skal jobbe med og utvikle ein heiltidskultur. I følgje KS er det i mange kommunar ufrivillig deltid som har hatt størst merksemd. Heiltidskultur vert kopla til eit frivilligheitsprinsipp som handlar om å kunne gje tilsette den stillingsstorleiken dei sjølve ønskjer. Dette sjølv om det ikkje nødvendigvis vil medføre at fleire jobbar meir. Mange ønskjer redusert arbeidstid og/eller har motvilje mot å arbeide fleire helgar og ubekveme vakter.

Heiltidskultur er meir enn uønskt deltid. For å nå mål om likeverdige og gode tenester er det sentralt å sjå heiltidskultur i eit kvalitets- og brukarperspektiv. Ifølgje KS har forskning og evalueringar dei seinare åra gjeve kunnskap om positive effektar av å arbeide for ein heiltidskultur, både ut ifrå arbeidsgjevar, arbeidstakar og brukar sin ståstad. Ein av konklusjonane er at verksemdar som satsar på heiltidskultur, har lettare for å trekkje til seg kompetent arbeidskraft, samt å behalde den. Heiltid gjer det lettare å utvikle gode fagmiljø og å tilby tenester av god kvalitet.

Fleire einingar i sektor helse og omsorg har i 2025 hatt årsturnus med moglegheit for langvakter. Langvaktene varierer frå 12,5 til 14,5 timar og er ein del av den samla turnusordninga.

I samband med arbeidet med ny årsturnus har tilsette som har hatt ynskje om å auke stillingsprosenten fått moglegheit til dette. Dette har bidrege til å redusere noko av vakansen i einingane. Samstundes viser erfaringane at ein stor del av dei som arbeider deltid gjer dette etter eige ynskje. Turnusplanlegginga har i stor grad vore tilpassa dei tilsette sine ynskje innanfor dei rammene drifta krev.

Bruken av årsturnus har òg hatt betydning for behovet for ferievikarar. Erfaringane så langt tyder på at einingane treng noko færre ferievikarar enn tidlegare. Dette heng saman med bruk av langvakter og at fleire tilsette har auka stillingsprosenten.

Gjennom deltaking i TØRN-prosjektet har einingane fått betre oversikt over arbeidsoppgåvene i tenestene. Arbeidet har bidrege til ei tydelegare prioritering av oppgåver som må løysast av helsepersonell, og identifisert oppgåver som kan takast bort eller eventuelt utførast av andre yrkesgrupper. Kunnskapen frå prosjektet vil vere eit viktig grunnlag i det vidare utviklings- og omstillingsarbeidet i tenestene.


### 3 Utvikling i befolkning

Utvikling i befolkning per år fra 2020 til 2025.

Tabell 3: Utvikling i befolkning fra 2020 til 2025

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Befolkning ved inngangen av året</b>	<b>11 847</b>	<b>11 938</b>	<b>12 097</b>	<b>12 198</b>	<b>12 319</b>	<b>12 496</b>
Fødde	129	164	121	136	137	125
Døde	86	86	92	86	96	99
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>43</b>	<b>78</b>	<b>29</b>	<b>50</b>	<b>41</b>	<b>26</b>
Innvandring	98	121	164	130	220	360
Utvandring	40	67	47	55	55	84
Innflytting, innalandsk	625	695	637	606	640	613
Utflytting, innalandsk	642	661	688	607	672	861
<b>Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring</b>	<b>41</b>	<b>88</b>	<b>66</b>	<b>74</b>	<b>133</b>	<b>28</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>91</b>	<b>159</b>	<b>101</b>	<b>121</b>	<b>177</b>	<b>56</b>
<b>Befolkning ved utgangen av året</b>	<b>11 938</b>	<b>12 097</b>	<b>12 198</b>	<b>12 319</b>	<b>12 496</b>	<b>12 552</b>

Figur 3: Utvikling i befolkning fra 2020 til 2025



## 4 Økonomisk utvikling – 2025

Årsrekneskapen (kommunekassen) har eit negativt netto driftsresultat på 23,6 mill. kr. Revidert budsjett for 2025 har eit positivt resultat på 2,3 mill. kr, og ut frå det er resultatet 26 mill. kr svakare enn sist vedteke budsjett av kommunestyret. Men i 2. tertialrapport (T2) vart det meldt om eit forventa meirforbruk i sektorområda på 24 mill. kr utover 34 mill. kr som vart dekt inn gjennom vedtekne budsjettendringar. Det betyr eit rapportert negativt netto driftsresultat i T2 på 22 mill. kr som ikkje er dekt inn. I tillegg har kommunestyret etter det gjort vedtak om monalege utgifter til avslutting av tenesteforhold.

Målt opp mot driftsinntektene utgjør netto driftsresultat -1,34 prosent. Dette inneber at ein ligg vesentleg under det vedteke målalet over tid bør vere meir enn 1,75 prosent.

Bakgrunnen for at resultatet blei vesentleg svakare enn venta er samansett, både med meirutgifter og meirinntekter samanlikna mot revidert budsjett.

I tertialrapport T2 melde sektorområda om eit samla meirforbruk på 58 mill. kr, av dette vart 34 mill. kr dekt inn med budsjettendringar. Sektorområda (inkl. kraft, pensjon og lønnsavsetjingar) har i 2025-rekneskapen eit netto meirforbruk på 64 mill. kr samanlikna med revidert budsjett T2. Det meir nyanserte biletet er meirforbruk på sektorområda administrasjon på 20,3 mill. kr, oppvekst på 23,5 mill. kr og helse og omsorg på 18,6 mill. kr. Fellesområde avsetjing lønsoppgjer inkl. pensjon eit mindre meirforbruk på 2,6 mill. kr, medan sektorområdet samfunn går i balanse. Kraft har ei meirinntekt 1,1 mill. kr. Netto meirforbruk er både relatert til særlege utgifter som har oppstått i 2025 og løpande driftsutgifter/-inntekter. Resultat med avvik på kvart av sektorområda er kommentert nærare i kapittel 6.

Områda skatteinntekter, rammetilskot og finans har netto meirinntekter på til saman 21,7 mill. kr samanlikna mot revidert budsjett, fordelt på skatteinntekter og rammetilskot gjennom inntektssystemet 7 mill. kr og lågare netto finansutgifter på 14,7 mill. kroner. Dette er meirinntekter som ikkje kan påreknast vidare i budsjett- og økonomiplan 2027 – 2030.

For å oppnå balanse i rekneskapen, etter pliktig overføring til investering med 2,8 mill. kr til eigenkapitalinnskott KLP og netto avsetjingar til bundne fond på 0,5 mill. kr, må budsjettet avsetjing til disposisjonsfond på 17,9 mill. kr strykast og bruk av disposisjonsfond aukast opp til 26,9 mill. kroner. Dette betyr at sum disposisjonsfond i 2025 er svekka frå 153 mill. kr til 126 mill. kr. Ved inngangen til 2024 var disposisjonsfondet 165 mill. kroner. Fondet utgjør då 7,2 prosent av driftsinntektene.

Utviklinga av driftsøkonomien til Sogndal kommune går i ei urovekkjande feil retning, med større avvik for driftsområda, som må dekkjast inn med bruk av disposisjonsfond. Denne utviklinga utfordrar grunnleggjande krav til økonomistyring; *at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handlevna blir ivare tatt over tid, gjennom ein tilstrekkeleg reserve til utføresette hendingar, gje moglegheiter/bidra til omstilling og utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon til det beste for innbyggjarane.*

Investeringar i 2025 utgjorde 199 mill. kr. Dette er om lag 133 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Det lågare investeringsnivået skuldast i all hovudsak at framdrifta

ligg bak det som vart lagt til grunn i revidert budsjett. Dette vedkjem i all hovudsak skuleutbygginga Sogndal sentrum, der framdrifta ligg bak det som var planlagt. Andre tiltak har òg mangla kapasitet for gjennomføring som planlagt. Som følgje av dette, er det ein større auke av unytta lånemidlar til 174,6 mill. kr.

Målsetjinga er at økonomiavvik i investeringsportefølgjen skal vere mindre enn det går fram på fleire av prosjekta i 2025. Det vil vere eit potensiale til forbetring å følgje betre opp periodisering mellom år og mellom budsjett og utgifter, då fleire avvik er relatert til dette. Dette har òg ein samanheng og nødvendig for ei overordna løpande likviditetsstyring.

Brutto langsiktig gjeld for kommunekassen (eks. pensjonsforpliktingar) er 87,5 prosent av brutto driftsinntekter, medan langsiktig gjeld eksklusive formidlingslån utgjer 73,6 prosent av brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden er då under måлтаlet på 85 prosent eksklusive formidlingslån, medan gjeldsgraden inklusive formidlingslån er over måлтаlet.

Førebelse KOSTRA-tal for 2025 vart publisert 16. mars. Samanlikna med 2024 fekk Sogndal eit svekka netto driftsresultat, frå - 0,7 til – 1,3 prosent i 2025, medan gjennomsnittet for landet hadde ei klar forbetring frå -0,4 til 2,2 prosent. For fri eigenkapital drift og brutto lånegjeld er det mindre endringar frå 2024 for landet, ein reduksjon for Sogndal frå 9,4 til 7,5 prosent i fri eigenkapital drift og ein auke i gjeld frå 84,7 til 87,7 prosent. Tabell 3 viser førebelse KOSTRA-tal for sentrale økonomiske storleikar i prosent av brutto driftsinntekter.

Tabell 3: Førebelse KOSTRA-tal for sentrale økonomiske i storleikar i prosent av brutto driftsinntekter (konserntal)

	Sogndal kommune	Gjennomsnitt landet	Kostra-gruppe 8
Netto driftsresultat	-1,3	2,2	0,6
Fri eigenkapital drift (disp.fond)	7,5	11,3	8,9
Brutto lånegjeld (eks.pensjonsforpliktingar)	87,7	114,2	121,9

Kjelde: SSB statistikkbanken – førebelse Kostra-tal for 2025

Kostra-gruppe 8: Kommunar med 10 000 til 19 999 innb. med middels eller høge frie disponible inntekter per innb.

På grunn av store svingingar frå 2024 til 2025 er estimat for manglande kommunar vurdert å kunne gje eit misvisande nivå på Kostra-tal utan Oslo (som er vanleg å nytte)

Når det blir gjort samanlikningar med eit gjennomsnitt for alle kommunane i landet og KOSTRA-gruppa til Sogndal kommune, blir det teke utgangspunkt i kommunekonsernet.<sup>4</sup>

<sup>4</sup> Kommunekonsernet omfattar kommunen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (kommunale oppgåvefelleskap (KO), interkommunale politiske råd (IPR)).

## 5 Sentrale inntekter og utgifter

### 5.1 Rammetilskot, inntekts- og formuesskatt

Rammetilskotet og skatt på inntekts- og formuesskatt utgjør ein vesentleg del av inntektene til kommunane. Samla utgjorde inntektene til Sogndal kommune på desse områda 1 020,4 mill. kr, eller 58 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er 6,5 mill. kr meir enn regulert budsjett (T2), fordelt på lågare rammetilskot - 1,5 mill. kr og auka skatteinntekter 8 mill. kr. I rammetilskotet ligg det 0,5 mill. kr i ekstra skjønnsmidlar tildelt av Statsforvaltaren til kompensasjon for ekstra utgifter knytte til ekstremvêret Jakob hausten 2024. At rammetilskotet er lågare enn regulert budsjett, har samanheng med lågare inntektsutjamning som følgje av at auken i skatteinntekter per innbyggjar for Sogndal vart høgare enn gjennomsnittleg auke for alle kommunane i landet.

Anslaga på kommunesektorens skatteinngang fekk ei mindre oppjustering på slutten av 2025. Samanlikna med anslaget i nasjonalbudsjett for 2025, vart skatteinngangen for kommunane 2,2 mrd. kr høgare, eller 0,8 prosent. Med den usikkerheita som er knytt til skatteanslaga, må dette sjåast på som eit mindre avvik. Meirskatteveksten er også langt lågare enn i dei fleste av åra frå 2015 til 2023.

Samanlikna med 2024, auka inntektene frå inntekts- og formuesskatt og naturressursskatt for alle kommunane nominelt i gjennomsnitt med 10,8 prosent. For Sogndal kommune var auken 13,5 prosent, som utgjør 55,5 mill. kr.

Forklaringa på at Sogndal har ein betre skattevekst enn landet er samansett. Det er først og fremst omlegging av inntektssystemet med ein større auke i skatteøyret, som gjorde til at kommunen fekk eit sterkt førebels fordelingstal (mellom skattekreditorane) for inntektsåret 2025. Omlegginga betyr at utbytteinntekter og andre finansinntekter ikkje lenger skal inngå i kommunane sine skattegrunnlag og at kommunane sine inntekter frå formuesskatten blir halvert over ein to-års periode ( $\frac{1}{4}$  i 2025 og  $\frac{1}{4}$  i 2026). Etersom skatteinntekter framleis skal utgjere 40 prosent av kommunane sine samla inntekter, må inntektsbortfall frå skatt på eigarinntekter og formuesskatt kompenseras med ein auke av skatteinntektene frå alminneleg inntekt. Dette gjer staten gjennom fastsetjing av kommunal maksimalsats for inntektsskatt (skatteøyret). Skatteøyret vart i 2025 auka med 1,8 prosent til 12,75 prosent. Skatt i prosent av landsgjennomsnittet per innbyggjar var for Sogndal 88,1 prosent, mot 86,5 i 2024 (før inntektsutjamninga).

Tabell 5.1: Oversikt over rammetilskot og skatt

Rammetilskot og skatt	Rekneskap 2024	Opphøveleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Rammetilskot inkl. inntektsutjamning	-524 040 988	-546 039 400	-563 692 400	-562 213 389	-1 479 011
Skatt på formue og inntekt	-403 030 129	-450 124 000	-450 124 000	-458 159 340	8 035 340
<b>Sum</b>	<b>-927 071 117</b>	<b>-996 163 400</b>	<b>-1 013 816 400</b>	<b>-1 020 372 729</b>	<b>6 556 329</b>

## 5.2 Eigedomsskatt

Inntekter knytt til eigedomsskatt er på 102,7 mill. kr. Dette er 0,1 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Tabell 5.2 syner fordelinga av eigedomsskatten.

Tabell 5.2: Oversikt over eigedomsskatt

Eigedomsskatt	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Eigedomsskatt vasskraftanlegg	-18 604 873	-18 600 000	-18 600 000	-18 527 523	-72 477
Eigedomsskatt kraftnett	-14 496 447	-14 500 000	-14 500 000	-14 496 447	-3 553
Eigedomsskatt næringseigedom	-13 874 186	-13 900 000	-13 900 000	-14 072 118	172 118
Eigedomsskatt bustader og fritidsbustader	-41 951 572	-56 787 000	0	0	0
Eigedomsskatt bustader	0	0	-52 859 280	-52 611 501	-247 779
Eigedomsskatt fritidsbustader	0	0	-2 927 720	-2 950 263	22 543
<b>Sum</b>	<b>-88 927 078</b>	<b>-103 787 000</b>	<b>-102 787 000</b>	<b>-102 657 852</b>	<b>-129 148</b>

## 5.3 Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter er inntekter som ikkje knyter seg til bestemte formål, jf. budsjett- og regnskapsforskrifta § 5-4 første ledd. Inntekter knytt til andre generelle driftsinntekter i 2025 vart 119 mill. kr. Dette er om lag 8,7 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

### 5.3.1 Investeringstilskot omsorgsbustader og sjukeheimar

Investeringstilskotet dreier seg om rentekompensasjon for kommunane sine investeringar i omsorgsbustader og sjukeheim. Formålet for tilskotet er å stimulere kommunane til å fornya og auka tilbodet av plassar i sjukeheim og omsorgsbustader for personar som har behov for døgntilgjengeleg helse- og omsorgstenester.

Investeringstilskotet utgjorde 4 mill. kr, om lag 0,4 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette er som følge av noko høgare rentenivå enn lagt til grunn i budsjettet.

### 5.3.2 Rentekompensasjon skular og symjeanlegg

Rentekompensasjonen gjeld kommunen sine investeringar i grunnskule og symjeanlegg. Ordninga har som mål å fremje investeringar i arenaer, utstyr og inventar som bidreg til meir praktisk variert opplæring på 5. – 10. trinn i skulen, samt bidra til symjeopplæring i regi av skulen.

Rentekompensasjonen utgjorde 0,65 mill. kr, som er 0,2 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Auken kjem av eit noko høgare rentenivå enn det som var lagt til grunn i budsjettet.

### 5.3.3 Rentekompensasjon kyrkjer og kyrkjeinventar

Rentekompensasjonen handlar om kommunen sine investeringar til sikring og bevaring av kyrkjene, samt utsmykking og inventar til kyrkjene. Kompensasjonen utgjorde 0,4 mill. kr og vart 0,16 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

### 5.3.4 Statstilskot flyktingar

Statstilskot flyktingar eller integreringstilskot mottek kommunar for å busetje flyktingar.

Tilskotet vert tildelt over ein 5-års periode for personar med opphaldsløyve som gir rett til fornying eller permanent opphald, inkludert dei som har fått vern med flyktningsstatus, humanitær opphaldsløyve, kollektivt vern eller er overføringsflyktningar. Målet med integreringstilskotet er å bidra til rask og treffsikker busetting, og at flyktningane etter kvart skal delta i arbeidslivet og forsørgje seg sjølv.

Sogndal kommune fekk oppmoding frå IMDI om å busette 85 flyktningar i 2025. Kommunestyret gjorde vedtak om busetjing av 50 flyktningar. Det endelege busetjingstalet vart 50 flyktningar i 2025.

Det vart i utgangspunktet budsjettert med inntekter på 65,4 mill. kr i integreringstilskot i opphaveleg budsjett. I revidert budsjett vart det lagt til grunn 77,2 mill. kr i integreringstilskot. Endeleg tilskot vart høgare og landa på 84,3 mill. kr, omlag 7,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Årsaka til dette er at samansetninga av flyktningar har ført til noko høgare inntekter enn forventa i revidert budsjett.

#### 5.3.5 Vertskommunetilskot HVPU

Vertskommunetilskot HVPU (Helsevernet for psykisk utviklingshemma) er eit tilskot som kommunen får for institusjonsbebuarar som vart buande institusjonskommunen etter iverksetting av HVPU-reforma. Endeleg tilskot vart 19,5 mill. kr. Dette er i samsvar med budsjett.

#### 5.3.6 Konesesjonsavgift

Konesesjonsavgifta er dels meint å gje kommunane ein del av verdien som blir skapt ved utbygging og/eller reguleringa, og dels meint som ein kompensasjon til kommunar for skadar og ulemper som følgje av vasskraftutbygging. Kommunane skal avsetje avgifta særskilt til eit fond, som skal nyttast etter avgjerder av kommunestyret. Midlane i fondet skal fortrinnsvis bli nytta til næringsføremål, regulert etter bestemte lover for kommunen.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastsett avgifta kvart femte år (indeksregulering). Inntekt for konesesjonsavgift utgjorde 3 mill. kr i 2025, om lag 0,4 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Meirinntekta er knytt til etteroppgjjer av konesesjonsavgifter for Leikanger kraftverk i perioden 2020 – 2024, slik at ordinær konesesjonsavgift for 2025 er 2,65 mill. kr.

#### 5.3.7 Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftføretak som er heimla i skattelova § 18-2. Skatten bereknast på grunnlag av gjennomsnittleg kraftproduksjon dei siste sju åra. Naturressursskatten utgjorde 7,1 mill. kr, om lag 0,5 mill. kr høgare enn revidert budsjett, som følgje av at gjennomsnittet for kraftproduksjon auka i kraftføretaka. Inntekter frå naturressursskatten inngår i det kommunale inntektssystemet, og blir difor utjamna/fordelt på alle kommunane i landet, også eigarkommunane.

Tabell 5.3: Oversikt over andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Investeringstilskot omsorgsbustader og sjukeheimar	-4 182 359	-3 671 990	-3 671 990	-4 053 722	381 732
Rentekompensasjon skular og symjeanlegg	-816 323	-420 675	-420 675	-654 538	233 863
Rentekompensasjon kyrkjer og kyrkjeinventar	-468 329	-267 798	-267 798	-424 793	156 995
Statstilskot flyktningar	-90 603 293	-65 400 000	-77 241 893	-84 323 082	7 081 189
Vertskommunetilskot HVPU	-18 958 074	-17 700 000	-19 477 030	-19 477 030	0
Konsesjonsavgift	-2 569 820	-2 647 252	-2 647 252	-3 017 914	370 662
Naturressursskatt	-6 777 600	-6 621 000	-6 621 000	-7 105 650	484 650
Overføring av spelemidlar	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>-124 375 798</b>	<b>-96 728 715</b>	<b>-110 347 638</b>	<b>-119 056 729</b>	<b>8 709 091</b>

## 5.4 Netto finansutgifter

Netto finansutgifter består av kommunen sine finansinntekter og finansutgifter. Dette omfattar renter, utbytte og avdrag på lån. Netto finansutgifter i 2025 vart 56,2 mill. kr. Dette er om lag 14,7 mill. kr lågare enn budsjettet.

### 5.4.1 Renteinntekter

Norges Bank har halde styringsrenta stabilt på 4,5 prosent gjennom første halvår av 2025. I løpet av andre halvår gjorde Norges Bank to rentekutt, til ei styringsrenta på 4,0 prosent.

Ved utgangen av året har Norges Bank halde styringsrenta på 4,0 prosent. Norges Bank vurderer at det framleis er behov for ein innstrammande pengepolitikk, sidan prisveksten framleis er høg. Det er også stor usikkerheit knytt til den geopolitiske situasjonen.

Renteinntektene vart 30,4 mill. kr, 5,2 mill. kr høgare enn revidert budsjett, som i stor grad er knytt til renter av bankinnskot. Renteinntektene for året er avhengig av kommunen sin grunnlikviditet og det gjeldande rentenivået for året. Forseinkingar i større investeringsprosjekt har ført til at kommunen har hatt ein større del unytta lånemidlar ståande i bank. Dette har gjeve ein gjennomsnittleg høgare grunnlikviditet, og saman med eit rentenivå som gjennom året har vore over det som var lagt til grunn i budsjettet, har det gjeve vesentlege høgare renteinntekter enn budsjettet. Dette er nærmare omtala i finans- og gjeldsrapporten 2025.

### 5.4.2 Utbytte og eigaruttak

Utbytte og eigarutbytte for 2025 vart 16,2 mill. kr, om lag 0,65 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Det er utbetalt utbytte frå desse selskapa i 2025:

- Sognekraft AS 6,1 mill. kr.
- Sogn og Fjordane Holding AS 9,5 mill. kr.
- Gjensidigestiftelsen kr 0,2 mill. kr.
- Sentrumsbygg AS 0,4 mill. kr.

### 5.4.3 Avkastning og tap på finansielle omløpsmiddel

Avkastning på finansielle omløpsmiddel vart 12,0 mill. kr. Dette er 6,0 mill. kr betre enn revidert budsjett. Det er vanleg med svingingar i verdien på marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar (aksjefond og rentefond), og det er derfor ikkje gjort justeringar i budsjettet gjennom 2025.

Som ein del av disposisjonsfondet er 20 mill. kr merka til eit avkastning-/bufferfond, som etter finansreglementet skal nyttast til å utlikne effekten av endra verdi på marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar mot driftsresultatet. Fondet skal utgjere minst 50 prosent av kapitalen som er plassert i aksjefond per 31.12. Verdien på aksjefond per 31.12.2025 var 42,5 mill. kr, så avkastningsfondet skulle vore auka opp til 21,25 mill. kr. Men med eit negativt netto driftsresultat, er det ikkje midlar å avsette til avkastningsfondet.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er nærmare omtalt i finans- og gjeldsrapporten.

### 5.4.4 Renteutgifter

Renteutgifter for 2025 var 62,6 mill. kr, om lag 2,7 mill. kr lågare enn revidert budsjett.

Budsjetterte renteutgifter er basert på Kommunalbanken sine prognosar.

Renteutgifter på investeringslån er 1,4 mill. kr lågare enn revidert budsjett, medan renteutgifter på startlån er 1,3 mill. kr lågare enn revidert budsjett.

Kommunen har to rentebytteavtalar (renteswap) som bytte frå flytande rente til fast rente på lån for å redusere renterisiko på kommunens låneportefølgje (jf. kapittel 5.8 note 8 – sikring i rekneskapen). Kommunen har ein gevinst på 1,7 mill. kr på avtalane i 2025, som blir ført som reduserte (inntekt) renteutgifter.

### 5.4.5 Avdrag på lån

Avdrag skal betalast i samsvar med kommunelova § 14-18. Det skal minimum betalast årleg avdrag på lånegjeld som er lånt opp etter § 14-15 og § 14-16.

Minimumsavdraget vert berekna ut frå den totale lånegjelda og avskrivningar. Berekna minimumsavdrag for 2025 er 47,8 mill. kr. Avdraget er gjort i tråd med budsjettet.

Tabell 5.4: Oversikt over netto finansutgifter

Netto finansutgifter	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Renteinntekter	-17 215 714	-16 200 000	-25 200 000	-30 364 502	5 164 502
Utbyte og eigaruttak	-12 654 073	-10 000 000	-15 548 500	-16 199 222	650 722
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-6 997 070	-6 000 000	-6 000 000	-12 003 480	6 003 480
Renteutgifter	62 622 270	63 400 000	69 600 000	66 921 066	2 678 934
Avdrag på lån	43 800 000	48 000 000	48 000 000	47 839 690	160 310
<b>Sum</b>	<b>69 555 413</b>	<b>79 200 000</b>	<b>70 851 500</b>	<b>56 193 552</b>	<b>14 657 948</b>

## 5.5 Disponering eller dekking av netto driftsresultat

Tabellen 5.5 nedanfor syner disponering eller dekking av netto driftsresultat i 2025. Netto driftsresultat er negativt med 23,6 mill. kr, som er om lag 25,9 mill. kr svakare enn revidert budsjett.

### 5.5.1 Overføring til investering

Overføring til investering viser midlar frå driftsbudsjettet som vert brukt til å finansiere investeringar.

Overføring til investering i 2025 vart 2,8 mill. kr. Dette er i samsvar med budsjett. Dette dreiar seg om den årlege overføringa frå drift til investering som skal finansiere eigenkapitalinnskottet til KLP. Innskottet må finansierast med eigne midlar, då det i kommunelova ikkje er høve til å lånefinansiere dette.

### 5.5.2 Bundne fond

Avsetjing knytt til bundne fond vart 21,7 mill. kr, om lag 17,6 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Den budsjetterte avsettinga gjeld avsetjing til renter på fond og konsesjonsavgiftsfondet. Avviket dreiar seg meir spesifikt om periodisering av øymerka tilskot på sektorområda.

Bruk av bundne fond vart 21,2 mill. kr, om lag 10,8 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette dreier seg om at bruk av fond knytt til øymerka tilskot på sektorområda er høgare enn budsjettert. Dette er knytt primært til periodisering av øymerka tilskota. I tillegg er det noko høgare bruk av bunde fond sjølvkostområda enn budsjettert.

### 5.5.3 Disposisjonsfond

Driftsrekneskapen viste eit meirforbruk før årsavslutningsdisposisjonar på 32,7 mill. kr når bruk/avsetjing til disposisjonsfond og overføring til investering er bokført i tråd med budsjett etter økonomiforskrifta § 4-1.

I tråd med forskrifta § 4-2 skal ein stryke overføring til investering når driftsrekneskapen har eit meirforbruk. I dette tilfelle kan likevel ikkje strykast, då det omfattar finansieringa eigenkapitaltilskottet til KLP.

Vidare skal ein stryke avsetjing til disposisjonsfond, dette utgjer 17,9 mill. kr. Meirforbruk etter stryking på 14,7 mill. kr vert finansiert med bruk av disposisjonsfond etter forskrifta § 4-2 andre ledd slik at rekneskapen etter årsavslutningsdisposisjonar er balansert.

Tabell 5.5: Oversikt over disponering eller dekking av netto driftsresultat

Disponering eller dekking av netto driftsresultat	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Overføring til investering	7 001 245	2 800 000	2 800 000	2 800 000	0
Avsetjing til bundne driftsfond	9 267 635	4 147 252	4 147 252	21 736 932	-17 589 680
Bruk av bundne driftsfond	-23 528 843	-9 590 007	-10 426 777	-21 240 645	10 813 868
<i>* Herav frå Løyvingsskjema 2</i>	<i>-15 792 884</i>	<i>-6 942 755</i>	<i>-7 779 525</i>	<i>544 756</i>	<i>-8 324 281</i>
Avsetjing til disposisjonsfond	75 244 346	72 400 000	17 913 000	-	17 913 000
Bruk av disposisjonsfond	-87 281 004	-70 467 335	-12 117 183	-26 888 203	14 771 020
<i>* Herav frå Løyvingsskjema 2</i>	<i>-53 747 207</i>	<i>-68 800 000</i>	<i>5 625 872</i>	<i>5 625 872</i>	<i>0</i>
Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-	0
<b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>-19 296 621</b>	<b>-710 090</b>	<b>2 316 292</b>	<b>-23 591 916</b>	<b>25 908 208</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## 6 Finansielle måltal

Kommunelova § 14-2 stiller krav til kommunen om å vedta finansielle måltal for utvikling, slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid.

Kommunelova set ikkje krav til kva måltal som er aktuelle. Kommunestyret har vedteke måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, måltal for disposisjonsfond av brutto driftsinntekter og måltal for lånegjeld i prosent av bruttodriftsinntekter. Måltala er i tråd med teknisk berekningsutval (TBU) og departementet sine tilrådingar for ein økonomisk berekraftig kommuneøkonomi.

*Sogndal kommune vedtok følgjande måltal i kommunestyret 28.10.21, sak 88/21.*

- Netto driftsresultat > 1,75%
- Disposisjonsfond > 10%
- Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) < 85%

*«Måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet.»*

Finansutvalet vedtok i arbeidsdokument 1/24 at resultatet på gjeldsgraden kan overstige måltalet på 85 prosent, men når dei store investeringane i oppvekst er ferdige i løpet av økonomiplanperioden skal ikkje nye låneopptak overstige avdrag på investeringslån. Resultat på måltala for netto driftsresultat og disposisjonsfond bør være innanfor dei vedtekne måltala på 1,75 prosent og 10 prosent.

Tabell 6: Utvikling i finansielle måltal frå 2020 til 2025

Måltal - relativt til brutto driftsinntekter	Måltal 2025	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025
Netto driftsresultat	Meir enn 1,75%	2,59 %	3,81 %	-0,11 %	1,34 %	-1,18 %	-1,34 %
Disposisjonsfond	Meir enn 10%	9,7 %	11,5 %	10,5 %	10,8 %	9,3 %	7,2 %
Langsiktig gjeld, inkl formidlingslån	Mindre enn 85%	89,5 %	82,5 %	79,7 %	83,2 %	84,6 %	87,5 %
Langsiktig gjeld eks formidlingslån				68,9 %	69,1 %	69,7 %	73,6 %

### 6.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i opphavleg budsjett 2025 var negativt på 0,7 mill. kr, medan revidert budsjett syner eit positivt driftsresultat på 2,3 mill. kr. Endeleg årsrekneskapen for 2025 syner eit negativt driftsresultat på 23,6 mill. kr.

Tabell 5.1 viser utviklinga av netto driftsresultat. Netto driftsresultat er eit mål på kva marginar som er i drifta til å handtere uføresette hendingar på kort sikt, finansiære investeringar og avsetje til fond. Netto driftsresultat er det viktigaste nøkkeltalet for å beskrive om kommunen har god økonomistyring.


Slik årsrekneskapen for 2025 ligg føre har kommunen eit negativt netto driftsresultat 23,6 mill. kr og måltalet for netto driftsresultat utgjør -1,34 prosent. Netto driftsresultat ligg vesentleg under vedteke måltal på 1,75 prosent.

Netto driftsresultat er vesentleg dårlegare enn i revidert budsjett, og utviklinga syner at driftsøkonomien i Sogndal kommune går i ei urovekkjande retning. Det vil vere behov for vesentlege endringar i drifta framover.

Tabell 6.1: Utvikling av netto driftsresultat med måltal

Måltal netto driftsresultat %	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025
Netto driftsresultat	-19 296 621	-710 090	2 316 292	-23 591 916
Brutto driftsinntekter	1 639 085 524	1 594 119 367	1 626 651 001	1 759 157 995
Netto driftsresultat %	-1,18 %	-0,04 %	0,14 %	-1,34 %
Måltal netto driftsresultat %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %

Figur 5.1: Utvikling av netto driftsresultat med måltal frå 2020 til 2025



## 6.2 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er oppsparte midlar som kommune kan nytte til finansiering av drift- og investeringsutgifter. For å kunne handtere store og brå endringar i utgifter og inntekter, må kommunen ha eit disposisjonsfond av ein viss størrelse. Måltalet skal utgjere meir enn 10 prosent av brutto driftsinntekter.

Ved inngangen av 2025 var storleiken på disposisjonsfondet på 152,9 mill. kr, og utgjorde 9,3 prosent av brutto driftsinntekter. På disposisjonsfondet ved utgangen av året står det 126 mill. kr. Disposisjonsfond utgjør då 7,2 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er under det vedteke måltal på 10 prosent.


Det svært svake netto driftsresultatet har klare og direkte konsekvensar for disposisjonsfondet, og fører til ein vesentleg reduksjon av disposisjonsfondet. Ei slik svekking av disposisjonsfondet reduserer kommunen sitt handlingsrom til å handtera store og brå endringar i drifta. Det er difor nødvendig å gjere vesentlege endringar i drifta framover for å sikre eit forsvarleg nivå på disposisjonsfondet.

Tabell 5.2 syner utvikling i disposisjonsfondet med måltal basert på driftsinntekter og netto fondsbruk.

Tabell 6.2: Utvikling av disposisjonsfond med måltal

Måltal disposisjonsfond %	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025
Disposisjonsfond	152 883 413	154 816 079	158 679 231	125 995 211
Brutto driftsinntekter	1 639 085 524	1 594 119 367	1 626 651 001	1 759 157 995
Disposisjonsfond i %	9,3 %	9,7 %	9,8 %	7,2 %
Måltal disposisjonsfond %	10 %	10 %	10 %	10 %

Figur 6.2: Utvikling av disposisjonsfond med måltal frå 2020 til 2025



### 6.3 Utvikling av lånegjeld med gjeldsgrad

Den langsiktige gjelda, inkludert formidlingslån, utgjør 1 540 mill. kr i 2025. Av dette utgjør investeringslån 1 295 mill. kr, medan formidlingslån utgjør 244,7 mill. kr.

Tabellen 5.3 syner utviklinga i lånegjeld med gjeldsgrad frå inngangen av året til utgangen av året. Gjeldsgrad er lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekter. Langsiktig gjeld inkludert formidlingslån utgjør 87,5 prosent av brutto driftsinntekter, medan langsiktig gjeld eksklusive formidlingslån utgjør 73,6 prosent av brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden er då under måttalet på 85 prosent eksklusive formidlingslån, medan gjeldsgraden inklusive formidlingslån er over måttalet.

I årsbudsjett og økonomiplan dei komande åra vil gjeldsgraden overstige måttalet. Den finansielle risikoen kommunen kan tole vil då vere avhengig av kommunen sitt driftsnivå og disposisjonsfond.


Aukande lånegjelda vil medføre at rente- og avdragsutgiftene som vil leggja beslag på ein stadig større del av kommunen sine frie inntektene. Dersom det vert gjennomført vesentlege endringar i drifta framover, vil det kunne frigjere noko midlar i drifta til å auka avdragsbetaling slik at gjeldsgraden går ned.

Det er difor avgjerande at kommunen klarer å gjere vesentlege endringar i drifta slik at økonomien vil vere berekraftig over tid.

Tabell 6.3: Utvikling av gjeldsgrad med måltal

Måltal gjeldsgrad %	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025
Brutto driftsinntekter	1 639 085 524	1 594 119 367	1 626 651 001	1 759 157 995
Låneoptak	130 000 000	278 400 000	200 000 000	200 000 000
<i>*Herav. lån til sjølvkost (VA område)</i>	<i>6 082 974</i>	<i>50 500 000</i>	<i>37 350 000</i>	<i>10 315 702</i>
Avdrag	-43 800 000	-48 000 000	-48 000 000	-47 839 690
Langsiktig gjeld, eks. formidlingslån	1 143 262 009	1 373 662 009	1 295 262 009	1 295 422 319
<b>Gjeldsgrad, eks. formidlingslån</b>	<b>69,7 %</b>	<b>86,2 %</b>	<b>79,6 %</b>	<b>73,6 %</b>
Lån vidareutlån	31 258 454	40 000 000	40 000 000	27 449 544
Avdrag vidareutlån	-1 738 084	-6 000 000	-21 563 000	-18 931 402
Gjeld formidlingslån 31.12	243 603 556	277 603 556	262 040 556	244 672 154
Langsiktig gjeld, inkl. formidlingslån	1 386 856 565	1 651 265 565	1 557 302 565	1 540 094 473
<b>Gjeldsgrad, inkl. formidlingslån</b>	<b>84,6 %</b>	<b>103,6 %</b>	<b>95,7 %</b>	<b>87,5 %</b>
<b>Måltal disposisjonsfond %</b>	<b>85 %</b>	<b>85 %</b>	<b>85 %</b>	<b>85 %</b>

Figur 6.3: Utvikling av gjeldsgrad frå 2020 til 2025



## 7 Sektorområda

### 7.1 Administrasjon

#### 7.1.1 Kort om sektorområdet

Administrasjon omfattar kommunedirektørområdet og administrative støttetjenester. Lærlingane er også plassert her. Støttefunksjonane omfattar HR, arkiv, økonomi, politisk sekretariat, bemanningssentral, samt ulike fellestjenester som m.a. juridisk støtte og personvern.

Administrasjonen skal vere ein støttespelar for tenestene kvar dag og samstundes rigge organisasjonen for framtida. Administrasjonen skal bidra til at organisasjonen fungerer best mogleg ved å leggje til rette for gode avgjersler i tenestene. Slik kan vi gi innbyggjarane våre gode kvardagar og halde fokus framover.

Administrasjon skal vere ein viktig bidragsytar i arbeidet med å tilpasse oss nye krav og møte dei utfordringane som kjem. Det betyr at administrasjon må bidra til ei organisering som gjer oss i stand til å gjennomføre krevjande omstillingar og levere dei støttetjenestene organisasjonen treng til ei kvar tid.

Dette krev omfattande arbeid med omstilling og endring av korleis vi organiserer og leverer tenestene våre, slik at kommunen er godt rusta for framtida sine behov. Administrasjonen vil vere ein sterk bidragsytar i omstillingsprosjektet SK2027.

Sektorområdet hadde eit samla meirforbruk på 19,7 mill. kr i 2025. Meirforbruket fordelar seg mellom kommunedirektør på 9,3 mill. kr og fellesansvar HR og støttetjenester på 12,7 mill. kr, medan økonomi har eit mindreforbruk på 2,3 mill. kr.

Tabell 7.1.1: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde administrasjon

	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Administrasjon	50 372 595	48 020 506	52 735 864	72 478 301	-19 742 437
Kommunedirektør	2 988 918	4 076 536	4 215 091	13 563 629	-9 348 538
Fellesansvar HR og støttetjenester	35 144 060	31 748 842	36 923 735	49 594 441	-12 670 706
Økonomi	12 239 617	12 195 128	11 597 037	9 320 231	2 276 806

#### 7.1.2 Overordna mål og områdesatsingar i 2025

Kommunen skal ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester.

Administrasjonen yter tenester som er viktige for alle delar av organisasjonen. For å sikre drift, utvikling og styring er det vesentleg å samle dei funksjonane som kan bidra til å styrke samordning og heilskaplege løysingar. Dei tilsette må ha ein samla kompetanse som gjer det mogleg å gje fagleg støtte til sektorane. Sektoren er òg sentral i å legge til rette for god politisk styring. Administrasjonen skal legge til rette slik at heile organisasjonen kan utøve oppgåvene sine på ein effektiv måte, gjennom å utvikle og drifte fellesoppgåver og samhandlingsløysingar og legge til rette for utviklings- og innovasjonsarbeid.

Gjennom 2025 har administrasjonen jobba mykje med å sjå på korleis me kan løyse administrative støttetjenester på ein betre og meir hensiktsmessig måte for resten av

organisasjonen. Fleire av tenestene vart organisert som sjølvstyrande team våren 2025, og HR leiar gjekk ut av stillinga si.

Kommunen må jobbe aktivt på alle felt i høve korleis me løyser oppgåvene våre betre for å rusta oss for utfordringane i åra framover. Dersom me skal klara å oppretthalda eit godt og forsvarleg tilbod må me tenka annleis. Dette må me gjera samstundes som me tilbyr dei tilsette ein god, trygg og spanande arbeidsplass.

Administrasjonen er viktige bidragsytarar for at sektorane skal nå sine overordna mål og satsingar og fleire av dei som er lista under er administrasjonen ein del av arbeidet i.

### 7.1.3 Kommunedirektør

Kommunedirektør hadde eit meirforbruk på 9,3 mill.kr. i 2025. Dette skuldast kostnader knytt til lønn, sluttavtale og utgifter til juridisk bistand.

### 7.1.4 Fellesansvar HR og støttetjenester

Tenesteområdet fellesansvar HR og støttetjenester omfattar lærlingar, fellesansvar HR og støttetjenester, arkiv, personal og lønn, bemanningssentral, politisk verksemd og Sognarådet IPR.

Årsresultatet for HR og støttetjenester syner eit meirforbruk på 12,6 mill. kr. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til arkiv (ikkje realisert innsparingskrav), politisk verksemd, lærlingar og bemanningssentral.

## Lærlingar

Årsresultat viser eit meirforbruk på lærlingar på 2,4 mill.kr. Dette er knytt til lønn.

## Arkiv

Årsresultatet for arkiv syner eit meirforbruk på 2,4 mill. kr i 2025.

Den viktigaste årsaka er knytt til eit urealisert innsparingskrav på 2,0 mill. kr på lønn. I tillegg er det også eit meirforbruk på kjøp av varer og tenester på 0,4 mill. kr. Dette skuldast auke i kontingent- og husleigekostnader for tenester hjå fylkesarkivet, høgare lisenskostnader, samt ufordelte portoutgifter for andre einingar.

Eininga har ikkje fått tilpassa drift og organisering på best mogleg måte knytt til resten av organisasjonen eller fått effektivisert drifta tilstrekkeleg.

Arkivet utfører arkivtenester for Sogn regionråd, Miljøretta helsevern, Sogn PPT, Sogn barnevern og Sogn brann og redning. Det er behov for å sjå på ei meir samordna og organisert drift av arkiv og dokumentsenter for organisasjonen i 2026.

## Personal og lønn

Personal og lønn hadde i 2025 eit mindreforbruk på 1,4 mill.kr. Bakgrunn for dette er lønn, og at tilsette er flytta over til andre ansvar utan at lønsmidlar er overført til nytt ansvar.

## Politisk verksemd

Sekretariat for politisk verksemd er ei gruppe på 6 tilsette. Dei ulike politiske organa er fordelt mellom dei tilsette, slik at alle har faste utval eller råd ein har ansvar for. Sekretariatsgruppa har laga felles rutinar, slik at ting blir gjort rett og på lik måte.

Politisk verksemd hadde i 2025 eit meirforbruk på om lag 2,4 mill.kr. Dette skuldast utgifter til juridisk bistad/advokat og konsulentutgifter i samband med avslutting av tenesteforhold. Dette er eingongskostnadar.

### **Bemanningsentral**

Det var i 2025 prioritert om råde å auke rekrutteringa til bemanningssentral.

Årsresultatet for bemanningssentralen er på 6,7 mill.kr i 2025.

Hovudforklaringa er i stor grad lønsutgifter. Det er tilsett fleire organisasjonsressursar og hjelparar i avdelinga, òg gjennom året har det vore flytta tilsette frå andre sektorar hit. I samband med det vart gjort nokre budsjettjusteringar i 2. tertial, men truleg ikkje i tilstrekkeleg grad. Det er i tillegg tilsett fleire i nye stillingar utover det ein har hatt budsjett til.

Vidare var det ikkje budsjettert for kjøp av varer og tenester, noko som har resultert i eit meirforbruk på dette området 0,4 mill. kr.

Det er starta eit arbeid med å sjå på korleis denne avdelinga skal utviklast vidare.

#### **7.1.5 Økonomi**

Årsresultatet for økonomi syner eit mindreforbruk på 2,3 mill. kr.

Hovudforklaringa er knytt til inntekter som ikkje var budsjettert for eller som ikkje var i tilstrekkeleg grad budsjettert for. Det utgjør 1,4 mill. kr, som gjeld mellom anna økonomi oppfølging av andre selskap og tilskot frå miljødirektoratet knytt til innkjøpsrådgevar.

Mindreforbruket er også knytt til lågare lønsutgifter på 0,9 mill. kr. Dette kjem av vakante stillingar, samt refusjonar sjuke- og foreldrepengar.

### **7.2 Oppvekst**

#### **7.2.1 Kort om sektoren**

Sektorområdet oppvekst omfattar 11 kommunale barnehagar, 4 private barnehagar, 8 grunnskular, Sogndal opplæringscenter, helsestasjon og skulehelsetenesta, Sogn barnevern og Sogn PPT.

I Sogndal kommune er det samla sett om lag 2 800 barn og unge i alderen 0–18 år.

Oppvekstsektoren har eit mangfald av tilsette med ulik fagbakgrunn og ulik kompetanse. Tverrfagleg samarbeid er nøkkelen for å gje heilskapelege tenester til born, unge og deira føresette. Førebyggjande innsats og arbeid med tillitsreforma har vore prioritert i sektoren. I tillegg har det vore jobba med å rekruttere og behalde tilsette.

Resultata i barnehagane og skulane held seg på eit stabilt godt nivå som viser at vi har tilsette med høg kompetanse som yter stor arbeidsinnsats for å gje gode tenester til barn og unge.

For sektorområdet syner rekneskapen 2025 eit meirforbruk på 23,5 mill. kr.

Meirforbruket fordelar seg mellom skule som står for det største meirforbruket på 24 mill. kr, medan barnehage har eit meirforbruk på 0,6 mill. kr. Det er eit mindreforbruk

på fellesansvar oppvekst på 0,2 mill. kr og PPT, helsestasjon, barnevern, opplæringscenteret og Kringsjø har eit mindreforbruk på 1 mill. kr.

Tabell 7.2.1: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde oppvekst.

	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Oppvekst	385 728 116	376 559 787	415 824 797	439 299 186	- 23 474 389
Felles oppvekst	6 929 806	7 904 262	7 460 410	7 215 917	244 493
PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjø	31 685 550	36 248 739	45 271 407	44 249 641	1 021 766
Barnehage	142 580 284	142 980 587	156 315 622	156 890 568	-574 946
Skule	204 532 476	189 426 199	206 777 357	230 943 060	-24 165 703

### 7.2.2 Overordna mål og områdesatsingar i 2025

Sogndal kommune har eit mangfald av barn og unge med ulike føresetnadar, behov, interesser, mål og draumar. Tilsette skal møte alle barn og unge med tillit og respekt, og gje dei tryggleik, kunnskap, dugleik og haldningar, slik at dei meistrar liva sine og kan delta i fellesskapet jf. formålsparagrafen til opplæringslova.

Sogndal kommune har i 2025 halde fram arbeidet med å førebygge åtferdsvanskar og omsorgssvikt. I desember 2023 vedtok kommunestyret temaplanen *Saman samtidig for barn og unge* i Sogndal kommune for perioden 2024-2026. Overskrifta er i seg sjølv eit mål, og peikar i retning av Sogndal kommune sin visjon livskvalitet og utviklingskraft i Sogn og mot samfunnsmåla livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit.

Med bakgrunn i samfunnsplanen er det i årsbudsjettet 2025 og økonomiplan 2025-2029 vedteke fleire prioriteringar. Tabell 6.2.2 viser oppvekst sine overordna mål og områdesatsingar i 2025.

Tabell 7.2.2: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde oppvekst i 2025

Omtale av satsingar	Aktivitet i 2025
<b>Rekrutteringstiltak særleg knytt mot barnehage</b>	
<p>Samarbeid med HVL på dei fagområda som oppvekstsektoren representerer, særleg gjennom</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• å ta imot studentar i praksis</li> <li>• avtale om at Kvåle skule er lærarutdanningsskule</li> <li>• avtale om lærarutdanningsbarnehage Fosshagen utdanningsbarnehage</li> <li>• nært samarbeid med Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL) ved HVL for auka merksemd på fysisk aktiv læring.</li> <li>• Etablering av ny heiltidsbarnehagelærarutdanning (Sogna Blu)</li> </ul>	<p>Sektoren har eit tett og godt samarbeid med HVL på dei ulike områda. Dette både for å ta i vare vertskommunerolla, barnehage- og skuleutviklinga og eige behov for å rekruttere nye lærarar og barnehagelærarar. Sogndal kommune treng fleire dyktige medarbeidarar framover.</p>

Samarbeid med Vestland fylkeskommune, Sogn opplæringskontor om lærlingar.	I 2025 var det 15 lærlingar i barnehagar og skular
<b>Språkopplæring fleispråklege elevar</b>	
Sogndal kommune har vidareutvikla velkomstklassetilbodet for nye innbyggjarar som kjem til Sogndal som flyktningar.	Føremålet med velkomstklassen er at elevane skal ha best mogleg tilhøve for kvalitativ god opplæring, etablere gode og varige venskap, bli kjent i kommunen, og bli godt integrert i Sogndalssamfunnet, slik at dei har dei beste føresetnadane i liva sine og ei ressurs for framtida.
<b>Tidleg førebygging og innsats</b>	
Samhandlingsmodellen betre tverrfagleg innsats (BTI) i sektoren.	BTI-modellen er arbeidsforma for barnehagane og skulane i Sogndal kommune. Gjennom det tverrfaglege arbeidet har ein heva kompetansen til tilsette i arbeidet med å skape trygt og godt oppvekstmiljø. BTI og Visma stafettlogg tryggjar samhandlingane mellom tenestene.
<b>Tverrfagleg arbeid i sektoren for å bidra til meir heilskaplege tenester</b>	
Nytte moglegheitene som ligg i samlokaliseringa av oppveksttenester i Dalavegen 2 til ein modell rundt «Familiens hus», med samhandling rundt tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.	Ny overordna organisering av oppvekstsektoren er sett i verk med strukturar for auka samhandling mellom dei fem tenesteområda og strukturar for samhandling. Det er framleis eit stykke arbeid att. Arbeidet med barnevernsreforma/oppvekstreforma er godt i gang.
Vurdere korleis tilbodet for psykisk helse for barn og unge bør organiserast.	Prosjektet "Livsmestring og robuste barn" har levert rapporten etter kartlegging og er no i ein fase der det skal prøvast ut tiltak i barnehage og skular.
Utvikle og etablere psykisk helseteam for barn og unge	Lågterskel tilbod psykisk helseteam for barn og unge vart etablert i 2025. Det er tildelt prosjektmidlar frå Statsforvaltaren til dette prosjektet. Prosjektet held fram i 2026.
Nytte nasjonale tilskotsordningar til å supplere eige tenestetilbod gjennom prosjektmidlar, døme kan vere: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutdanning av barnehagelærarar og lærarar (udir)</li> <li>• Desentralisert og regional kompetanseutvikling og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis</li> </ul>	Tenestene søker ulike regionale og nasjonale tilskotsordningar for å styrka eige tenestetilbod. Mange av ordningane krev kommunal medfinansiering og eigne rapporteringsrutinar. Utfordringa er at nasjonale støtteordningar ikkje alltid bygger opp under dei lokale måla og det kan vere særskild ressurskrevjande å følgje opp tilskot. <p>Sogndal kommune søkte og fekk midlar frå Bufdir og Statsforvaltar på desse områda</p>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulike Bufdir-prosjekt</li> <li>• Tilskot frå statsforvaltar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Inkludering av born og unge</li> <li>- Koordinering av lokalt arbeid</li> </ul> <p>Kommunalt rusarbeid – utekontaktordninga</p>
Opprette barn og ungdom og familjestøtte som eit fagteam organisert under helsestasjonen.	I 2025 har ein nytta tilskotsmidlar og interne stillingsressursar til å opprette eit eige lågterskel førebyggjande tilbod til barn, unge og familiar.
<b>Kompetanse og fagleg utvikling</b>	
Ta del i regionsamarbeidet System for styrka læring. Samarbeide i nettverk i kommunen og i regionen om implementeringa av fagfornyninga – nye læreplanar i skulen og tilpassa opplæring, tverrfagleg samarbeid på barnehage.	Det har vore arrangert fellessamlingar for tilsette i skule og barnehage med deltaking frå tilsette i Sogndal kommune.
Det er tilsett i stilling som offentlig doktorgradsstipendiat i samarbeid med andre. Stillinga starta opp i august 2022.	Sektoren har saman med HVL søkt og fått ekstern finansiering til om lag 75 % stilling av ei Phd-stilling. Oppvekstsektoren restfinansierer 25 % av stillinga.
Sogndal kommune skal vere ein aktiv bidragsytar i regionalt samarbeid til beste for barn og unge, bidra til å heve kompetansen til leiarar og tilsette, og vere pådrivarar for utvikling av tenestene våre i regionen.	Sektoren deltek i det regionale samarbeid knytt til "System for styrka læring" på ulike nivå mellom anna arrangement av fagnettverk for skular og barnehagar.

### 7.2.3 Fellesansvar oppvekst

Fellesansvar oppvekst hadde i 2025 eit mindreforbruk på 0,24 mill. kr i høve budsjett. Dette skuldast periode med vakanse i stilling.

### 7.2.4 PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjø

Tenesteområdet omfattar Sogn PPT, helsestasjon, Sogn barnevern, Sogndal opplæringscenter og Kringsjø leirskule.

Årsresultatet syner eit forbruk 44,2 mill. kr i 2025, noko som gir eit mindreforbruk på 1 mill. kr.

#### **Sogn Barnevern**

Sogn barnevern er ei interkommunal teneste for kommunane Luster, Sogndal og Vik, der Sogndal kommune er vertskommune.

Årsresultatet for barnevernstenesta syner eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr.

Hovudårsaka er at det har vore lågare personalkostnadar permisjonar og sjukemeldingar. Ved inngangen av året hadde tenesta eit sjukefråvær på 26,56 prosent. Sjukefråværet har gradvis vorte redusert og ved utgangen av året var sjukefråværet 2,13 prosent.

Talet ressurskrevjande saker der borna er plassert i institusjonar/fosterheimar har blitt redusert dei seinare åra. Mot slutten av siste kvartal i 2025 har tenesta derimot fått fleire ressurskrevjande fosterheimstiltak som vil halde fram inn i 2026.

Sogn barnevern vart utvida til tre kommunar frå 2025 – der Vik kommune vart en del av Sogn barnevern. I samband med endringa var fordelingsnøkkelen endra slik at Sogndal kommune fekk ein lågare utgift til drift av Sogn barnevern for 2. halvår 2025.

Det er ved årsskifte gjort vedtak om å utvida Sogn barnevern med kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

### **Helsestasjonen**

Helsestasjonen hadde i 2025 eit mindreforbruk på 1,3 mill. kr. Mindreforbruket skuldast sjukefråvær og vakanse gjennom året.

### **Sogndal opplæringscenter**

Sogndal opplæringscenter gir opplæring til vaksne etter opplæringslova og integreringslova. Tenesta omfattar norsk- og samfunnskunnskapsopplæring for vaksne innvandrarakar, førebuande opplæring for vaksne (FOV) i grunnskulefag, samt individuell tilrettelagd opplæring for deltakar med behov for grunnleggande ferdigheiter.

Årsresultatet for Sogndal opplæringscenter syner eit meirforbruk 1,7 mill. kr.

Hovudårsaka er skuldast redusert tilskot frå IMDI som følgje av færre busette enn føresett. I tillegg er inntektene frå andre kommunar redusert som følgje av lågare volum grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege ungdom.

Framover er det viktig å tilpasse driftsnivået til prognosane om redusert busetjing av flyktningar.

### **7.2.5 Barnehage**

Tenesteområdet omfattar elleve kommunale barnehagar og fire private barnehagar. Dei kommunale barnehagane omfattar Sagatun barnehage, Fjærland barnehage, Ylvisåker barnehage, Notsete barnehage, Kyrkjebakken barnehage, Kjørnes barnehage, Furuli barnehage, Fosshagen barnehage, Nybø barnehage, Henjahaugane barnehage og Kvernhusaugen barnehage. Dei private barnehagane omfattar Sogndal studentbarnehage, Stedje barnehage, Rones barnehage og Askedalen barnehage.

Årsresultatet for barnehage syner eit forbruk på 156,9 mill. kr i 2025, noko som gir eit meirforbruk på 0,6 mill. kr i høve revidert budsjett.

Årsaka er meirkostnadar knytt til tenesta *styrka tilbod til førskulebarn*. Dette gjeld både auka lønnsutgifter i kommunale barnehagar og auka utbetaling til private barnehagar i samband med lovpålagte vedtak knytt til spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne.

Det vart i budsjettet for 2025 var det lagt til grunn innsparingskrav knytt til sjukefråvær og innkjøp. For barnehage utgjorde dette 0,9 mill. kr. Dette er delvis realisert.

### 7.2.6 Skule

Tenesteområdet omfattar åtte kommunale grunnskular. Dette omfattar Sagatun skule og SFO, Fjærland skule og SFO, Norane skule og SFO, Kaupanger skule og SFO, Trudvang skule og SFO, Kvåle skule, Leikanger barneskule og Leikanger ungdomsskule.

Årsresultatet for skule syner eit forbruk på 230,9 mill. kr, noko gir eit meirforbruk på om lag 24,2 mill. kr i høve revidert budsjett.

Det var varsla eit meirforbruk på skule på 15 mill. kr i samband med 2. tertial. Utviklinga har halde fram, og meirforbruket vart 9,2 mill. kr høgare enn varsla.

Hovudårsaka er meirkostnadar knytt til tenesta *grunnskule* på 23,6 mill. kr. Det er i stor grad knytt til meirforbruk knytt til lønnsutgifter på 18,3 mill. kr. I tillegg er det eit meirforbruk knytt til kjøp varer og tenester på 5,3 mill. kr.

Skulane nyttar ein ressursfordelingsmodell til budsjettering per skule. Modellen er retningsgivande knytt til årsverk og driftsmidlar. Det har for nokre av skulane vore utfordrande å tilpasse seg driftsnivået i tråd med budsjettmodellen. Dette gjer at nokon har hatt høgare driftsnivå enn lagt til grunn i budsjettet. Det har vore jobba aktivt med driftstilpassingar i løpet av hausten for å tilpasse seg riktig driftsnivå.

Det har også vore auka lønnsutgifter knytt til ressurskrevjande elevar. Det har vore særleg utfordrande å tilpasse seg den nye opplæringslova frå 2024. Her vart det gjort endringar i reglane om elevar sin rett til personleg assistanse. Desse endringane har medført fleire enkeltvedtak, og mange av dei meir ressurskrevjande.

For å sikre korrekt forståing og praktisering av regelverket blir det arbeida meir systematisk med å sikre rett forståing og praktisering av regelverket. Kommunen har mellom anna utarbeidd ein felles rettleiar som skal bidra til lik praksis og riktig nivå på vedtaka.

Det har også vore teke inn nokon tilsette ved enkelte skular som står i omstilling eller arbeidsutprøvingstiltak. Desse er ikkje fullfinansierte, og har difor ført til auka lønnsutgifter.

Det har vore etablering av Guridalen som mellombels skule under bygginga av nye Trudvang skule og SFO som har gjeve noko auka kostnadar. Dette er blant anna knytt til noko auka kostnadar til leiging og bemanningsbehov. I tillegg har etablering ført til meirforbruk på kjøp av varer og tenester, spesielt til inventar, undervisningsutstyr og læremiddel.

Vidare når det gjeld meirforbruket på varer og tenester, er resterande i hovudsak knytt til fellesansvar skule, som har hatt auka utgifter til husleige og ulike lisensar.

Tenesta *skuleskyss* under fellesansvar skule har eit meirforbruk på 1,1 mill. kr.

For tenesta *skulefritidsordninga* er det eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr. Dette skuldast noko lågare lønnsutgifter enn lagt til grunn i budsjettet.

Det vart i budsjettet for 2025 lagt til grunn innsparingskrav knytt til sjukefråvær og innkjøp. Dette utgjorde for skule 1,8 mill. kr. Dette er ikkje realisert.

## 7.3 Helse og omsorg

### 7.3.1 Kort om sektoren

Sektoren er organisert i sju einingar. Desse omfattar tre sjukeheimar, tre soner for heimetenester, legeteneste, psykiatri og rusteneste samt fysioterapi og ergoterapi. I tillegg kjem fire soner innan bu- og miljøteneste og eige tildelingskontor. Fem av einingane driv døgkontinuerlege tenester.

Fellesområdet helse og omsorg omfattar kommuneoverlege, miljøretta helsevern og rådgjevarar. Dette området har mellom anna ansvar for oppfølging av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen i Sogndal.

Alle dei tre sjukeheimane tilbyr korttidsopphald, avlastning, rehabilitering og langtidsplass. Tilbodet om kommunal akutt døgneining (KAD) er lagt til Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS).

Sektoren skal sikre innbyggjarane gode helse- og omsorgstenester gjennom tverrfagleg samarbeid, med særleg vekt på førebygging og tidleg innsats. Målet er at innbyggjarane skal oppleve ei samordna teneste og møte éin kommune når dei har behov for hjelp.

Tabell 7.3.1: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde helse og omsorg

	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Helse og omsorg	445 638 031	424 810 376	470 782 349	489 715 559	-18 933 210
Fellesansvar helse og omsorg	9 998 188	9 815 971	10 459 554	11 350 305	-890 751
Tildelingskontoret	33 739 687	35 844 852	38 115 047	37 980 970	134 077
Institusjon	192 770 648	166 062 636	181 011 031	201 918 319	-20 907 288
Heimetenester + kjøken og dagsenter SHOS	55 834 874	52 726 282	55 743 055	57 885 865	-2 142 810
Bu- og miljøtenester	80 446 772	83 929 384	100 598 345	99 841 301	757 044
Lege- og jordmorteneste	37 445 780	35 446 845	39 095 610	38 796 855	298 755
Psykisk helse og rus	24 343 706	29 034 136	33 447 453	31 002 022	2 445 431
Ergoterapi, fysioterapi og friskliv	11 058 375	11 950 270	12 312 254	10 939 922	1 372 332

### 7.3.2 Overordna satsing mål og områdesatsingar i 2025

Helse- og omsorgstenestene møter no ei utvikling der behovet for tenester aukar, mellom anna som følgje av demografiske endringar og fleire brukarar med samansette behov.

På tross av dette er det eit grunnleggjande premiss at tenestene i dag og i framtida skal vere fagleg forsvarlege, økonomisk berekraftige og tilpassa behova til innbyggjarane. Endringsarbeidet handlar difor ikkje berre om innsparring, men om å utvikle tenester med høg kvalitet og betre ressursutnytting. Målet er å bruke dei tilgjengelege ressursane meir målretta og berekraftig, slik at kommunen kan møte framtidige behov til innbyggjarane.

Arbeidet i 2025 bygde vidare på prosessane som vart starta i 2024, der sektoren gjennomførte breie innsiktsøkter, vurdering av struktur, organisering og framtidige

behov. Framtidsteamet i helse og omsorg, som no omfattar heile leiargruppa i sektoren, har hatt eit særskilt ansvar for å følgje opp og implementere vedtak 33/2025 om strukturendringar i tenestene.

Eit viktig mål har vore å etablere ei tydeleg retning for omstillinga og utvikle felles prinsipp for korleis endringane skal gjennomførast. Medverknad frå tilsette, tillitsvalde og vernetenesta har vore ein sentral del av arbeidet. Gjennom dialog og involvering har ein søkt å sikre både fagleg forankring, legitimitet i organisasjonen og ei best mogleg gjennomføring av endringane.

Omstillinga i helse- og omsorgssektoren i Sogndal kommune er ikkje eit enkeltstående tiltak, men ein langsiktig prosess der fleire tiltak verkar saman.

### **Retts nivå på tenestene**

Saksbehandling og tildeling av helse- og omsorgstenester er viktig både for den enkelte innbyggjar og for kommunen. Sogndal kommune skal ha ei godt utbygd omsorgstrapp med hovudvekt på tidleg innsats. Me skal ha godt kartlagde tenestemottakarar og gode pasientforløp som sikrar god flyt, kvalitet og samanheng i tenestene. Tenestemottakarane skal få medverke i utforminga av tenestene og få høve til å ta i bruk egne ressursar.

### **Kompetanse og rekruttering**

Retts kompetanse til rett tid er avgjerande for å kunne gi tenester av god kvalitet. Det må leggjast vekt på å rekruttere dei beste kandidatane for å sikre høg kvalitet i tenestene. Helse og omsorg må, i samarbeid med dei andre sektorane, arbeide målretta for å tiltrekke seg kandidatar med rett kompetanse og relevant erfaring.

Kompetansen til kvar enkelt medarbeidar, og korleis denne vert nytta, er den viktigaste ressursen i helse- og omsorgssektoren. Me må løyse oppgåvene våre på nye måtar gjennom innovasjon, bruk av teknologi, oppgåvedeling og samarbeid med andre. Kontinuerleg kompetanseutvikling skal ha høg prioritet for å sikre at tilsette har dei nødvendige ferdigheitene til å møte framtidige behov

### **Førebygging og tidleg innsats**

Helse og omsorg skal, i samarbeid med dei andre sektorane, arbeide med førebyggjande tiltak for å redusere risikoen for sjukdom og fremje god helse blant innbyggjarane. Gjennom målretta førebygging kan me redusere behovet for omfattande behandling og omsorg.

Tidleg innsats er avgjerande for å identifisere og møte helseutfordringar før dei utviklar seg til større problem. Ved å setje inn tiltak tidleg får me betre høve til å støtte personar på eit tidleg stadium og styrkje sjølvstende og meistring.

Tabell 7.3.2: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde helse og omsorg i 2025

Omtale av satsingar	Aktivitet i 2025
Retts nivå på tenestene	Arbeidet med «retts nivå på tenestene» er gjennomført ved systematisk gjennomgang og oppdatering av eldre vedtak. Dette bidreg til betre

samsvar mellom behov og tenesteomfang/ tildelt teneste.

Ferdigstilt tenesteguide:

[https://img5.custompublish.com/getfile.php/5479512.2665.azakmunpnun7pu/WEBVERSJON\\_18.feb.pdf?return=www.sogndal.kommune.no](https://img5.custompublish.com/getfile.php/5479512.2665.azakmunpnun7pu/WEBVERSJON_18.feb.pdf?return=www.sogndal.kommune.no)

Oppretting og opning av helsetorget i oktober 2025, med hovudfokus på tidleg innsats og førebygging gjennom rettleiingssamtalar og heimebesøk.

Det er oppretta eit 24-timars rehabiliteringsteam med deltaking frå SHOS, fysioterapi- og ergoterapitenesta og tildelingskontoret. Teamet arbeider med kvalitetsforbetring av tilbodet til brukarane, betre samhandling mellom tenestene og avklaring av dokumentasjon, ansvarsfordeling og organisering av tilbodet.

Det er òg oppretta fleire «Sterk og stødig»-grupper i løpet av 2025.

Etablering og oppstart av vurderingsteam våren 2025. Teamet er tverrfagleg samansett av tilsette frå heimetenesta, fysio- og ergoterapitenesta og tildelingskontoret, og er starta opp både i Sogndal og på Leikanger.

Vurderingsteamet er etablert for å sikre at innbyggjarane får rett hjelp til rett tid. Det tverrfaglege teamet gir rask kartlegging og oppfølging i heimen, med mål om å styrkje meistring og redusere behovet for langvarige tenester. I løpet av 2025 har fleire innbyggjarar motteke oppfølging av teamet, med gode erfaringar. Ein vil i 2026 jobbe vidare for å vidareutvikle og styrke teamet, og det blir søkt om tilskotsmidlar til dette arbeidet.

Arbeidsguiden starta i oktober 2025 og har gjennom team arbeidsformidling fått 14 personar ut i arbeid, arbeidstrening, VTA eller lærekontrakt/lærekandidatordning per desember 2025. I tett samarbeid med marknadskontakt i NAV, som òg er del av teamet, har ein funne gode moglegheiter internt i kommunen.

Teamet kartla behovet for vask av tenestebilar, då tilsette i fleire tenester brukte arbeidstid på dette. Dette gav ein person utanfor arbeidslivet høve til arbeidstrening.

Team arbeidsformidling har òg hatt liknande tilnærming med kjøkkenvertar som bistår på kjøkken

	<p>ved ulike avdelingar på SHOS. I tillegg har teamet arbeidd med å skape aktivitet for brukarar i bu- og miljøtenesta, og før jul vart det etablert matlevering frå hovudkjøkenet på SHOS til ulike delar av Sogndal.</p>
Kompetanse og rekruttering	<p>Ein har i 2025 halde fram arbeidet med å styrke kompetansen for rettleiing av studentar. Nytt i 2025 var at ein har laga felles konferanse med HVL og saman for omkringliggande kommunar og interesseorganisasjonar som LEVE og demensforeininga</p> <p>Tørnprosjekt gjennom KS vart avslutta 30 juni 2025. Prosjektet har gått frå å vere prosjekt til drift i gjennom 2025. Ein har arbeida med oppgåvedeling mellom sjukepleiar og helsefag, samt kjøkken vertar som ei prosjektstilling og med bindeledd til NAV. Prosjektet har ført til betre søknadstal på SHOS.</p> <p>Det er også i 2025 søkt og tildelt kompetansemidlar frå Statsforvaltaren. Det er mange tilsette som er i gang med etterutdanning og masterutdanningar.</p> <p>Våren 2025 vart det bestemt at det på 3 område skal det vere obligatoriske opplæring for alle i helse og omsorg éin gong årleg: brann, smittevern og hjarte- og lungeredning (HLR).</p> <p>Avansert klinisk allmennsjukepleiarar (AKS) har ansvar for HLR-undervisning</p> <p>I 2025 vart det gjennomført to like opplæringskveldar for vikarar og nytilsette i helse og omsorg i heile kommunen. Sogn brann og redning IKS deltok med innlegg, særleg om utsette grupper. Om lag 100 personar deltok, dei fleste fysisk og nokre digitalt.</p> <p>ABC opplæring: I 2025 var det 23 tilsette som starta med abc demens perm (frå aldring og helse). I tillegg så er det ei gruppe som er i gang med velferdsteknologien abc.</p>
Dialog med innbyggjarane og frivilligheit	<p>Oppstart av gule huset med språkcafe og arbeidstrening.</p> <p>Det vart arrangert fest for frivillige på Kulturhuset onsdag 19. november 2025. Rundt 200 deltakara møtte opp.</p> <p>Helsetorget arrangerte fagkveld for eldre og pårørande med 70 frammøtte.</p>

	I samband med strukturutgreiingane vart det gjennomført medverknadsmøte i Sogndal, Leikanger og Balestrand.
Turnus og organisering	<p>Mange døgndriftseiningane i sektoren har i løpet av 2025 gått over til årsturnus med moglegheit for langvakter for dei som ynskjer. Langvakter medføre meir oppdekking av fag på helg og bruk av heiltidsstillingar Det blir nytta eit KI (kunstig intelligens) -verktøy til turnusarbeidet.</p> <p>Me har starta eit endringsarbeid knytt til flytting av korttidsplassar, og dette arbeidet vil halde fram i 2026. I samband med dette er det og sett i gang arbeid med sjukepleiarteam</p> <p>Samstundes arbeider me med korleis organiseringa og drifta skal vere på Leikanger og i Balestrand etter at plassane er flytta.</p>
Fagutvikling og fornying	<p>Det vart gjennomført kompetanse kartlegging i heimetenesene og på institusjon hausten 2025. Resultatet her skal vere med å danne grunnlaget for årshjulet 2026.</p> <p>KOLS rehabilitering. Første gruppe gjennomført våren 2025 (etter at pilot var ferdig).</p>
Teknologi og digitalisering	<p>Innføring av multidosedispensar og vidareføring av prosjekt om digital heimeoppfølging (DHO).</p> <p>Oppstart av arbeid med innføring av søvnmonitorering i institusjon.</p>
Rask psykisk helsehjelp	Sogndal kommune har dei siste åra satsa på etablering av Rask psykisk helsehjelp (RPH) Tilbodet starta hausten 2022 og har sidan vore under utvikling og oppbygging. Rask psykisk helsehjelp er eit gratis lågterskeltilbod til personar over 16 år med milde til moderate psykiske helseutfordringar. I 2025 fekk RPH 410 tilvisingar. Dersom ein tek med stressmestringskurs som er eit samarbeid med Frisklivssentralen har nærare 500 personar fått hjelp igjennom RPH. Det viser at etablering og oppbygging og av RPH har vore ei rett satsing.

### 7.3.3 Fellesansvar helse og omsorg

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 0,7 mill. kr.

Hovudårsaken til meirforbruket er knytt til auka kostnader til løn utover vedteke budsjett med 0,5 mill. kr.

Diverse prosjektarbeid som Rocket-Man, Gule Huset, Kompetansetilskot m.m. vert kontert/drifta på fellesansvar helse og omsorg.

#### 7.3.4 Tildelingskontoret

Rekneskap for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 0,13 mill. kr.

Mindreforbruket skuldast i stor grad større refusjonar frå staten knytt til ressurskrevjande tenester, 4 mill. kr høgare enn estimert for 2025. Det er også eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr på løn og sosiale utgifter, primært knytt til refusjon av sjukepengar og fødselspengar, samt eit mindreforbruk på løn til støttekontaktar og omsorgsstønad. Innsparingskravet er soleis realisert.

Det har vore auka fokus på tidleg innsats og førebyggjande tiltak i kartlegging og tenestetildelinga i 2025, i form av tett samarbeid med helsetorget, fysio- , ergo- og frisklivssentralen.

#### 7.3.5 Institusjon

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 20,9 mill. kr for institusjon.

Avvik er presentert under.

#### **Sogndal helse og omsorgssenter (SHOS)**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 10,5 mill. kr.

Av dette relaterer 8,4 mill. kroner seg til løn. Hovudårsaka er at innsparingskravet på løn på 7,2 mill. kr ikkje vart innfridd. Resterande knytt seg til meirforbruk på innleige av vikarar og overtid for å sikre bemanning og fagleg forsvarleg drift. Kjøp av varer og tenester har eit meirforbruk på 2,89 mill. kr, der 1,5 mill. kr gjeld vikarar frå byrå og 0,9 mill. kr knytt seg til medisinsk forbruksmateriell. Rekneskapen viser 0,96 mill. kr meir i salsinntekt enn budsjettert.

Satsingsområde i 2025 har vore turnus, oppgåvedeling, gode pasientforløp, rekruttering, fagutvikling og reduksjon av sjukefråvæer. Sjukefråværet har utvikla seg positivt gjennom året. I april 2025 vart det innført årsturnus med moglegheit for langvakter for dei som ønskjer det. Ordninga vert vidareført i 2026.

#### **Prestehagen**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 1,74 mill. kr.

Avvik er relatert til løn. Fastløn har eit mindreforbruk på 1,3 mill. kr grunna vakante stillingar, men innsparingskravet på løn på 0,6 mill. kr vart ikkje innfridd. Samstundes føreligg meirforbruk på innleige av vikarar og overtid, blant anna grunna vakansar i fagstillingar.

Eit viktig satsingsområde har vore kompetanseheving gjennom ordningar som Menn i helse, modulbasert helsefag, lærlingar og sjukepleiarutdanning, der fleire tilsette er under utdanning.

#### **Leikanger sjukeheim og heimeteneste**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 6,15 mill. kr.

Meirforbruk er hovudsak knytt til løn (5,86 mill. kr) og innkjøp. Innsparingskrav på 4,8 mill. kr vart ikkje realisert. Vidare vart mindre forbrukt på fast månadsløn grunna

vakansar, men som vart dekt inn med bruk av ekstravakter, vikarar og overtid (meir forbruk). Institusjonen står for hovudtyngda av meirforbruket.

Både institusjon og heimeteneste nyttar årsturnus, og fleire tilsette arbeider langvakter. Samstundes vert det arbeidd med å styrkje kompetansen, og fleire tilsette tek sjukepleiarutdanning på deltid. Rekruttering er framleis ei utfordring, men i 2025 har ein hatt betre tilgang på søkjarar til både helsefag- og sjukepleiarstillingar.

### **Balestrand helsetun og heimeteneste**

Rekneskapen syner eit samla meirforbruk på 2,5 mill. kr.

Hovudårsaka er eit innsparingskrav på løn på 5,4 mill. kr. Utan dette kravet ville ein hatt eit mindreforbruk. Ein har difor klart å realisere delar av innsparingskrav.

Sjukefråværet har gått ned samanlikna med tidlegare år. Det vert arbeidd aktivt med kompetanseheving, og fleire tilsette er i utdanningsløp innan helsefag, sjukepleie og vernepleie. I 2025 har ein òg arbeidd vidare med turnus og arbeidstidsordningar, der fleire tilsette arbeider lange vakter i helg. Rekruttering er framleis ei utfordring, men tilgangen på søkjarar har vore betre i 2025.

### **7.3.6 Heimetenester Sogndal + kjøken og dagsenter SHOS**

#### **Heimetenester Sogndal**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 1,6 mill. kr.

Løn og sosiale utgifter har eit meirforbruk på 0,9 mill. kr. I budsjett for 2025 ligg det eit innsparingskrav på 0,6 mill. kr som ikkje er realisert i drifta. Eininga mindreforbukar på fast månadsløn, som dekkast opp ved bruk av ekstravakter og overtid (meirforbruk). Hovudårsaka er fleire ubesette stillingar for både helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Kjøp av varer og tenester har eit meirforbruk på 0,85 mill. kr. Av dette relaterer 0,5 mill. kr seg til drift av bilparken knytt til leasing, reparasjonar og andre driftskostnader. Vidare er det meirforbruk på innkjøp av arbeidstøy og medisinsk forbruksmateriell utover det som ligg til grunn i budsjett.

#### **Dagsenter SHOS**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 0,1 mill. kr.

Årsaka er i hovudsak innleige av vikarar for å sikre drift. I tillegg er det etablert transportteneste for heimebuande brukarar som nyttar dagsenteret.

#### **Produksjonskjøken SHOS**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 0,4 mill. kr.

Meirforbruk knytt seg til løn. Innsparingskrav for løn og innkjøp utgjorde 0,7 mill. kr, noko som gir realisering av deler av innsparingskrav (0,3 mill. kr). Det har vore auka prisar på matvarer og forbruksvarer som har gitt eit meirforbruk på 0,7 mill. kr. Samstundes gav auka sats for mat til heimebuande ein meirinntekt på 0,7 mill. kr som i stor grad dekte dei auka kostnadene.

### **7.3.7 Bu- og miljøtenester**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 0,76 mill. kr. for bu- og miljøtenester.

Avvik er presentert under.

### **Sone Sogndal**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 0,3 mill. kr.

Meirforbruk på løn utgjør 0,3 mill. kroner. Det føreligg eit meirforbruk relatert til kjøp av varer og tenester på 1 mill. kroner. Hovudårsaka er avlastning i institusjon for tre barn med høgt timetal. Manglande kapasitet i eigne lokale gjorde at sona måtte leige privat bustad, noko som gav eit meirforbruk på om lag 0,2 mill. kr. I tillegg vart sona internfakturert om lag 0,75 mill. kr for SFO utan at dette var budsjettert for (ein betre heilhetleg løysing av tilbod). Ambulant team er òg ei teneste i vekst, med fleire tenestemottakarar og behov for leasing av fleire bilar, noko som har gitt eit meirforbruk på om lag 0,2 mill. kr.

Meirinntekter knytt til refusjonar og tilskot som ikkje var budsjettert for bidrog positivt. Innsparingskrav på løn utgjorde 0,19 mill. kr i 2025.

### **Sone Stedje**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 0,13 mill. kr.

Avvik knytt seg til løn. Mindreforbruk på fastløn vart kompensert med meirforbruk på ekstravakter og overtid. Innsparingskrav løn utgjorde 0,14 mill. kr. i 2025.

I løpet av året har det vore særleg fokus på Nasjonal rettleiar og tett samarbeid med Frisklivssentralen. Målet er å innarbeide ein fysisk aktivitetsplan med kosthaldsråd i alle tiltaksplanar. Sone Stedje har òg hatt god rekruttering ved å ta imot maksimalt tal lærlingar og vernepleiarstudentar.

### **Sone Leikanger**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 5,3 mill. kr.

Dette skuldast i hovudsak at ein brukar i perioden 2024–2025 flytta frå Bu- og miljøtenesta til Leikanger sjukeheim, noko som ikkje vert justert for i budsjettet slik det skulle. Tenesta har fått stort fokus på skape eit godt arbeidsmiljø for tilsette i 2025.

### **Sone Balestrand**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 5,5 mill. kr.

Avvik knytt seg hovudsakleg til auka lønskostnader. Dette skuldast særleg oppjustering av vedtak for ein brukar til 2:1. Auka ressursbruk har også ført til meirforbruk på innleige av vikarar 2,1 mill. kr og overtid 1,0 mill. kr. Sidan sommaren 2025 har sona tilført meir leiarressurs for å sikre forsvarleg og stabil drift, noko som heller ikkje har vært fullt ut ivareteke i budsjett.

Tenesta har samstundes hatt meirinntekter på 2,1 mill. kr knytt til ressurskrevjande tenester, delvis relatert til brukaren med auka tenester i 2025.

Innsparingskrav på 0,7 mill. kr er ikkje innfridd.

#### **7.3.8 Lege- og jordmorteneste**

### **Legesenter**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 0,3 mill. kr.

Hovudsakleg grunna lågare driftskostnader. Bruken av legevikarar er redusert etter at alle fastlegestillingane no er fylte utan bruk av vikarbyrå. Tenesta har òg teke i bruk KI (kunstig intelligens) som støtte til dokumentasjon. Det er starta ein prosess for å styrkje legevakta med hjelpepersonell i samband med pågåande omstillingsarbeid.

### **Legevakt**

Drifta av legevaksordninga er i samsvar med vedteke budsjett.

### **Jordmortenesta**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla meirforbruk på 0,1 mill. kr.

Tenesta har hatt eit innsparingskrav på 0,5 mill. kr i 2025. Dette er soleis nesten innfridd. Det har vore ein reduksjon i tal tilsette gjennom naturleg avgang i 2025, noko som også vil halde fram i 2026.

#### **7.3.9 Psykisk helse og rus**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 2,4 mill. kr.

Årsaka er høgare refusjonar enn budsjettert og periodar med vakante stillingar, noko som gav lågare lønskostnader. Tenesta har gjennom året hatt fokus på behovsvurdering og god økonomistyring, og drifta har vore relativt stabil utan større uventa hendingar. Innsparingskrav på løn utgjorde i 2025 0,14 mill. kr.

I 2025 har ein vidareutvikla lågterskeltilbodet, mellom anna gjennom Rask psykisk helsehjelp og etablering av aktivitetshuset Trivselstunet. Samstundes har ein arbeidd for å gi rett teneste til rett tid og redusere kjøp av tenester frå private leverandørar. Ei ny avdeling er òg etablert, og tenesta har hatt fokus på å redusere kjøp av tenester frå private leverandørar.

#### **7.3.10 Ergoterapi, fysioterapi og frisklivssentralen**

Rekneskapen for 2025 syner eit samla mindreforbruk på 1,4 mill. kr.

Hovudårsaka er lågare lønsutgifter på om lag 1 mill. kr grunna vakante stillingar store delar av året. Sogndal sin del av Frisklivssentralen har òg hatt 0,3 mill. kr lågare kostnad enn budsjettert, og auka refusjonar frå HELFO gav 0,1 mill. kr i meirinntekt.

Førebygging og tidleg innsats har vore sentrale satsingsområde, mellom anna gjennom tiltak for å førebygge sjukefråvær, treningstilbod for tilsette, stressmeistringskurs og helsefremjande arbeid retta mot barn og unge i skule og barnehage. Rekruttering har vore utfordrande grunna vakansar knytt til sjukemeldingar, sjølv om det har vore god søkarmasse til fysioterapivikariat.

## **7.4 Samfunn**

### **7.4.1 Kort om sektoren**

Sektorområdet samfunn inneheld tekniske tenester (bygg og eigedom, veg og park og vatn og avløp), plan og forvaltning, kultur og IKT. I tillegg er NAV og næringsutvikling del av sektoren.

Sektorområde samfunn skal legge til rette for å skape positiv utvikling i kommunen gjennom å jobbe saman med næringsliv, dei frivillige organisasjonane og innbyggjarane i kommunen. Saman har me eit særskilt ansvar for å bidra til at måla

og satsingane i samfunnsplanen vert realiserte, og å sjå både samanheng og heilskap i måten me drifter kommunen på for å oppnå måla. Det skal skje gjennom aktiv samskaping med andre, både internt saman med andre sektorar og med eksterne.

Kommunalområdet skal òg forvalte lovverk og vere myndigheitsutøvar, yte drift og tenesteproduksjon både til andre sektorar internt i kommunen og direkte til innbyggjarane, og på denne måten vere ein aktiv aktør for å få til ynskt samfunnsutvikling i Sogndal kommune.

For sektorområdet syner rekneskapen 2025 eit meirforbruk på 2,4 mill. kr. Det er eit meirforbruk på bygg og eigedom på 13,1 mill. kr, vatn og avløp på 3,2 mill. kr og felles plan og teknisk på 1,2 mill. kr. Det er eit mindreforbruk på resterande tenesteområde.

	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Samfunn	161 587 221	163 155 781	219 072 031	221 443 258	-2 371 227
Felles plan og teknisk	31 470 947	30 771 081	32 442 727	33 660 026	-1 217 299
Plan og forvaltning	8 640 713	10 152 354	10 910 810	9 864 272	1 046 538
Veg og grøntanlegg	17 862 039	18 657 505	19 552 305	17 473 257	2 079 048
Vatn og avløp	-23 365 311	-25 301 233	-24 713 068	-21 504 352	-3 208 716
Bygg og eigedom	53 925 711	49 632 783	50 976 018	64 102 054	-13 126 036
Nav	14 631 527	16 831 782	64 260 173	61 326 261	2 933 912
Samfunn, kultur og innovasjon	7 514 046	10 341 847	9 831 667	5 886 950	3 944 717
IT og digitalisering	18 946 318	20 034 750	22 074 399	20 725 981	1 348 418
Kultur	23 011 436	24 659 039	25 910 593	23 478 901	2 431 692
Samfunn	8 949 796	7 375 873	7 826 406	6 429 908	1 396 498

### 7.4.3 Overordna mål og områdesatsingar i 2025

Tabell 7.4.3: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde plan og teknisk i 2025

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2025
Auke intern kapasitet, samt bidra aktivt til regionale samarbeid og utviklingsprosjekt innan plan og forvaltning.	Plan og forvaltning har i 2025 arbeidd kontinuerleg med å auke arbeidskapasitet for å møte auka aktivitet, å vidareutvikle rutinar og arbeidsmetodar i samsvar med samfunnsplanen, samt å bidra aktivt til regionalt samarbeid og utviklingsprosjekt.  Kommunen sin arealplan vart ikkje ferdig, men har hatt god framdrift i heile 2025. Me har no som mål at den skal ferdigstillast i løpet av 2026.
Kartlegging av kommunale bygg	Kartlegging av kommunal bygg fortsett. Det er starta kartlegging av bruksområde og funksjonalitet av formålsbygg. Dette vil fortsette i 2026 . Det vil bli arbeida med å synleggjere kva utleige hus kommunen bør behalde og eller selje.

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2025
Nytte Kommunal transportplan som styring for kva tiltak ein bør iverksette.	Arbeide med å gjennomføre tiltak ihht. Kommunal transportplan blir vidareført i 2026. Tiltak blir tilpassa rammeløyve for veg. Ein ser et behov for andre tiltak som ikkje står i Kommunal transportplan som er oppdukkande tiltak grunna dårleg vegtilstand. Utbetring må prioriterast ut frå tildelte midla.
Gjennomføre arbeidet med hovudplan for vatn og avløp i tråd med vedteken planstrategi	Hovudplan for avløp blei slutført desember 2025 og lagt til politisk behandling starten av 2026. Plan har vært til høyring og vil få vidare politisk behandling vår 2026.
Digitalisering, smart drift og gode klimaløysingar for bygg og anlegg	Forvaltnings, drift og vedlikehalds programmet (FDV) LAFT blir nytta til registrering og fordeling av arbeidsoppdrag. Det blir arbeida vidare med auka bruk ute blant bygg brukarane i kommunen. Reinhold er igang med å sjå om nye modular i LAFT kan være til nytte for deira arbeide. Eigedomsavdelinga har starta arbeide med å legge administrering av avtalar ol inn i LAFT.  Digitalisering ved smart drift og gode klimaløysingar av bygg og anlegg er ei langsiktig satsing som det fortsatt blir jobba med.
Planmessig gjennomgang for å optimalisere drift av offentlege grøntområde, parkar og torg	Etter innføring av FDV program for veg og park er alle parkområde i kommunen lagt inn i systemet. Drift blir utført etter den standard som er sett i FDV programmet.  Det er iverksett et arbeide med å lage ein utnyttingsplan for sentrumsparken i Sogndal med tanke på kva og kor ein skal satse på forskjellige aktivitetar og utsmykking.  Friluftsrådet med hjelp av anlegg og friluftsliv i kommunen ser på bruk av friluftsområde.

#### 7.4.4 Fellesansvar plan og teknisk

Tenesteområdet fellesansvar plan og teknisk omfattar brann og ulykkesvern (inkl. sivilforsvaret), Kyrkjelege fellesråd og andre trussamfunn og fellesansvar plan og teknisk.

Rekneskapan syner eit samla meirforbruk på 1,2 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak meirforbruk knytt til lønnsutgifter på 1 mill. kr grunna at budsjettet for ei stilling ikkje har vorte overført frå eit anna ansvarsområde. I tillegg har mindreinntekter knytt til kommunale gebyr for feiing på 0,2 mill. kr.

#### 7.4.5 Plan og forvaltning

Tenesteområdet plan og forvaltning omfattar plan, byggesak, oppmåling, miljø og ureining, jordbruk, skogbruk og viltforvaltning. Plan og forvaltning syner eit samla mindreforbruk på 1,04 mill. kr.

##### **Plan**

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak lågare lønnsutgifter som følgje av sjukefråvær og vakante stillingar. Ei fylje av dette er også at eininga fakturerer mindre enn venta, og at ein har hatt lengre sakshandsamingstid enn ynskjeleg.

##### **Byggesak**

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,21 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast auka kostnader knytt til kjøp av varer og tenester, særleg knytt til lisensar på dataprogrammet e-Byggesak, samt oppsett av nye integrasjonar til dette. Det har også vore noko mindre inntekter enn forventa i budsjettet.

##### **Oppmåling**

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 1,05 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast i hovudsak mindre inntekter enn forventa i budsjett grunna sjukemelding og overføring av saker til 2026, noko høgare lønsutgifter enn planlagt, samt kostnader knytt til digitalisering av papirarkiv. Vesentleg for området i 2025 er endring i høve landmålarar. På bakgrunn av at ein landmålar slutta i 2025, og utfordringar med å rekruttere ny landmålar med autorisasjon, vart det tilsett ein GIS-koordinator som i 2025 lønna på ansvar oppmåling. Alle saker er til trass for sjukemelding og endringar gjennomført innanfor lovbestemte fristar.

##### **Miljø og ureining**

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,32 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast noko lågare lønnsutgifter som følgje av sjukefråvær og vakante stillingar, samt ei høgare inntekt enn forventa knytt til gebyrintekter.

Miljø og ureining har ikkje restanse på ureiningssaker. Har revidert tilsynsplan, og reknar med å vera i mål med tilsyn på private avløp innan 2033 i tråd med føringar.

##### **Jordbruk og skogbruk**

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket er fordelt med eit meirforbruk på 0,2 mill. kr på jordbruk, og eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr på skogbruk. Meirforbruk på jordbruk skuldast høgare lønsutgifter enn planlagt, kombinert med lågare overføring til andre/kjøp av bistand. Mindreforbruk på skogbruk er knytt til lønsutgifter grunna sjukemelding og vakante stillingar.

Fagområda har elles hatt god progresjon og har per no ikkje restanse.

#### 7.4.6 Veg og grøntanlegg

Tenesteområdet veg og grøntanlegg omfattar hjelpemiddel, park, anlegg og gravplassar, samferdselbedrifter og transporttiltak, kommunale vegar og gatelys og parkering. Veg og grøntanlegg syner eit samla mindreforbruk på 2,1 mill. kr.

### **Park, anlegg og gravplass**

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,4 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast redusert budsjett utan reduksjon i arbeidsmengde eller ynskja nivå på tenesta.

### **Samferdslebedrifter og transporttiltak**

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,1 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast mindre leigeinntekter grunna tilstand på kai både på Leikanger og i Sogndal. Det er ikkje mogleg å ta i mot massar frå båt. Det er i tillegg nytta pengar til kaiundersøkingar.

### **Kommunale vegar og gatelys**

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,3 mill. kr. Mindreforbruket skuldast billig vinterdrift og at ein har halde att på asfaltering grunna meirforbruk i 2024.

Vedlikehald av køyretøy og maskiner er fortsett ein stor utgiftspost, men ein har starta utskifting av gammalt utstyr som vil kunne frigjere midlar frå vedlikehald av desse. Grunna mindre vinterdrift har ein også spara inn på drivstoffutgifter.

Det er framleis mykje feil knytt til gatelysanlegga i heile kommunen. Dette har gjort at ein har fått eit meirforbruk på 0,9 mill. kr på vedlikehald av gatelys.

### **Parkering**

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,3 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast høgare inntekter på parkering enn forventa. Meirinntektene på parkering er tillagt parkeringsfondet.

Dette heng saman med justering av pris på automatane og meir effektiv kontroll, samt fleire gebyr og fleire som betalar. Parkering har i dei siste åra rydda mykje i føring og utbetaling til samarbeidspartnerar. Dette har resultert i noko etterbetaling da avtalar ikkje har vært følgt opp på ein god måte.

#### **7.4.7 Vatn og avløp**

Vatn og avløp er sjølvkostområder. Rekneskapen syner eit meirforbruk på 3,2 mill. kr mot revidert budsjett. Dette skuldast hovudsakeleg auka forbruk av midlar til driftsutbetringar.

#### **7.4.8 Bygg og eigedom**

Bygg og eigedom syner eit samla meirforbruk på 13,1 mill. kr mot revidert budsjett.

Eininga har generelt auke i kjøp av varer og tenester. Utbygging av Trudvang skule har kravd uforutsette løysingar som brakkerigg på Kvåle og utbetring av Guridalen som skulebygg. Utbetring av Saften har kravd leige av midlertidige kontor plassar på Campus.

Eininga har inn mot budsjett for 2025 ikkje hatt ein god nok gjennomgang av budsjettet noko som gjer at det er budsjettert med 2,3 mill. kr for mykje på salsinntekter på Sogndal kulturhus. Det er også mindre reduksjon i salsinntekter i andre delar av eininga.

Reinhold har hatt eit samla mindreforbruk på 1 mill. kr. Det har vært ein del utskiftingar av personell. I tillegg har reinhold lagt om til behovsstyrt reinhold og fått inn moderne maskiner og teknologi, samtidig som ein har fått tilført meir areal.

Dei andre postane må sjåast opp mot kvarandre, og det er blitt gjort ein gjennomgang av budsjett inn mot 2026 og det blir arbeida med å auke kompetansen for behandling av faktura.

#### 7.4.10 Nav

Dei sosiale tenestene i NAV-kontoret omfattar økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, opplysning råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, mellombels bustad og individuell plan.

Årsresultatet for Nav syner eit mindreforbruk på 2,9 mill. kr.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak færre deltakarar i introduksjonsprogram og dermed reduserte utgifter til utbetaling av introduksjonslønn – samt lågare busettingstal enn tidlegare år og dermed mindre behov for å dekke etableringsutgifter til nybusette flyktningar. I tillegg vart tenesta redusert med ein stillingsressurs i løpet av året, noko som har gitt reduksjon i utgifter til lønn.

Noko mindreforbruk på KVP (kvalifiseringsstønad) i 2025. Nav har jobba målretta for å auke bruken frå og med 2. halvår 2025.

#### 7.4.11 Fellesansvar Samfunn, kultur og innovasjon

Fellesansvar samfunn, kultur og innovasjon har eit samla mindreforbruk på 3,9 mill. kr i 2025. Dette trass i eit meirforbruk på lønn på 2,8 mill. kr. Mindreforbruket knyter seg til kjøp av varer og tenester.

#### 7.4.12 IT og digitalisering

IT og digitalisering har eit samla mindreforbruk på om lag 1,3 mill. kr i 2025. Om lag 1 mill. kr av mindreforbruket er på digitalisering, då det har vore lite digitaliseringsprosjekt i 2025.

#### 7.4.13 Kultur

Tenesteområdet omfattar fellesansvar kultur, Sogndal kulturhus, ungdomsavdelinga, Sogndal kulturskule, kulturminne og kunst og bibliotek. Årsresultatet syner eit samla mindreforbruk på 2,4 mill. kr.

- Kultur har eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr knytt feilbudsjettet av utbetaling av tilskot.
- Sogndal kulturhus har eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr. Dette skuldast hovudsakeleg høgare salsinntekter enn budsjettet som følgje av høg aktivitet og godt billettsal gjennom året.
- Ungdomsavdelinga har eit mindreforbruk på 1 mill. kr grunna vakante stillingar og sjukefråvær.
- Sogn kulturskule har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr som skuldast i stor grad refusjonar sjuke- og foreldrepengar.
- Bibliotek har eit meirforbruk på 0,9 mill. kr. Det er budsjettet med høge inntekter og bruk av fond knytt til Den Kulturelle Spaserstokken, noko som ikkje var reelt.

#### 7.4.14 Samfunnsutvikling og frivillighet

Tenesteområdet omfattar frivilligsentralane, samfunnsutvikling, innbyggjartorg og anlegg og friluftsliv. Årsresultatet syner eit samla mindreforbruk på 1,4 mill. kr.

Sogndal kommunen har tre frivilligsentralar: Sogndal frivilligsentral, Leikanger frivilligsentral og Balestrand frivilligsentral. Frivilligsentralane har eit samla mindreforbruk på 0,6 mill. kr. Det kjem i hovudsak av fråfall av kostnader og ein periode med vakant stilling.

Samfunnsutvikling har eit mindreforbruk på 1,5 mill. kr. Dette er knytt til lågare lønnsutgifter enn budsjettet, samt noko lågare utgifter knytt til kjøp av varer og tenester.

Innbyggjartorg har eit meirforbruk på 1,2 mill. kr grunna eit innsparingskrav som ikkje er innfridd.

Anlegg og friluftsliv har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr.

#### 7.5 Pensjon og lønsavsetjing

Fellesområdet pensjon og lønnsavsetjingar blir nytta til å setja av til lønnsoppgjeret, endra pensjonskostnader og avskrivningar. Opphavelag budsjettet var 39,8 mill. kr.

I første tertial vart budsjettet redusert 1 mill. kr som følgje av mindre utgifter knytt til lønnsoppgjere, medan i andre tertial vart budsjettet redusert med 2 mill. kr som følgje av mindre utgifter knytt til lønnsoppgjeret. I tillegg vart budsjettet auka med 14,2 mill. kr til auka pensjonsutgifter (inkl. arbeidsgjevaravgift). Revidert budsjett utgjorde derfor 51 mill. kr.

I løpet av året er lønnsoppgjeret fordelt ut på sektorområda. Lønnsoppgjere i 2025 utgjorde om lag 28,9 mill. kr. I tillegg er om lag 4,7 mill. kr knytt til heilårsverknad av tidlegare års lønnsoppgjere.

Det er også gjort ei fordeling ut på sektorane til kompensasjon for auka pensjonskostnader knytt til ny offentleg AFP, ny særaldersgrenseløysing og oppdatering av faktisk tal tilsette, tal pensjonistar, gjennomsnittleg årsløn m.v. Etter prognosar frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) per 2. tertial utgjorde denne fordelinga til auka pensjonskostnader 14,2 mill. kr inkl. arbeidsgjevaravgift, samanlikna mot opphavlege prognosar frå KLP for budsjett 2025. Ny offentleg AFP utgjør største delen av auken, og kommunen fekk kompensert 8,5 mill. kr gjennom rammetilskotet i revidert nasjonalbudsjett.

Premieavviket (KLP og STP) for 2025 gav innbetalt pensjonspremie i 2025 som var 8,1 mill. kr lågare enn pensjonskostnaden som framkjem i rekneskapen (ført som utgift). Amortisering av tidlegare års premieavvik er 26,8 mill. kr (utgift). Tilsvarande tal for 2024 var 5,2 mill. kr i positivt premieavvik (inntekt) og amortisering på 27 mill. kr (utgift), netto utgift 21,8 mill. kr. Sum akkumulert premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift er 93,5 mill. kr, ein reduksjon frå 132,7 mill. kr i 2024. Det akkumulerte premieavviket skal kvart år amortiserast (utgift) med like årlege beløp, 1/7 for premieavvik oppstått i 2014 og seinare. Sum akkumulert premieavvik med positiv resultatteffekt, har over tid bidrege til å styrke/oppretthalde rekneskapsførte disposisjonsfond.

Bruk av kommunen sitt premiefond i KLP til betaling av pensjonspremie er 87,6 mill. kr, mot 56,4 mill. kr i 2024. Premiefondet vart tilført 78 mill. kr, og innestående på fondet er 22,7 mill. kr, mot 32,3 mill. kr i 2024. Bruk av premiefond bidreg til å redusere premieavviket og seinare amortisering, og styrkje likviditeten.

Fellesområde avsetjing lønsoppgjjer inkl. pensjon syner eit meirforbruk på 2,6 mill. kr. Dette i hovudsak knytt til tapsføringar og noko mindre knytt til renteutgifter.

Tabell 7.5: Oversikt over budsjett og rekneskap for fellesområde pensjon og lønsavsetjing.

	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Løn og premieavvikavsetningar	147 191	39 800 000	3 114 552	5 731 184	-2 616 632
Fellesområde tenesteproduksjon - Bevilgningsskjema 2	147 191	39 800 000	3 114 552	5 731 184	-2 616 632

## 7.6 Kraft

Sogndal kommune har 35 GWh heimfallskraft og 30 GWh konsesjonskraft. For 2025 selde kommunen heimfallskrafta i straumregion NO3 til spot-pris kontrakt + påslag grunna skattemessige tilhøve og 23,85 GWh konsesjonskraft til fastpris i regionane NO3 og NO5. Konsesjonskrafta frå Årøy kraftverk på 5,9 GWh og Leikanger Kraft AS på 1,6 GWh, er omfatta av tilbakekjøpsavtalar med Sognekraft AS. For Årøy er avtalen med utgangspunkt i gjennomsnittleg månadleg spot-pris i NO5, med tillegg for påslag. For Leikanger månadleg gjennomsnittspris (Nord Pool Day-ahead) for prisområdet der anleggets utgangspunkt ligg (NO5), med eit påslag. For konsesjons- og heimfallskrafta betalar kommunen ein fast pris fastsett av OED. Denne var 12,89 øre/kWh i 2025. I tillegg må ein betale nettleige for innmating av krafta på om lag 2 øre/kWh.

For sal av konsesjonskraft vart netto inntekter på 11,1 mill. kr, mot budsjett 10,1 mill. kr. Netto inntekter frå heimfallskraft vart på 1,4 mill. kr. mot budsjett 1,6 mill. kr. Det betyr ei samla meirinntekt på 0,7 mill. kr meir enn budsjettet. Meirinntekta kjem i hovudsak frå konsesjonskrafta til Årøy kraftverk og Leikanger kraftverk (m.a. oppjustert konsesjonskraftvolum). Oppjusteringa av konsesjonskraftvolum for Leikanger kraftverk medførte og ei etterbetaling på om lag 0,4 mill. kr, slik at total meirinntekt for kraft vart 1,1 mill. kr.

Tabell 7.6: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde kraft.

	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Kraft	- 22 898 009	-11 700 000	-11 700 000	-12 822 395	1 122 395
Kraft	- 22 898 009	-11 700 000	-11 700 000	-12 822 395	1 122 395

## 8 Løyvingsoversikt

### 8.1 Løyvingsoversikt drift

Løyvingsoversikt 1 er eit sentralt dokument som gir ein oversikt over dei sentrale inntektene og utgiftene i driftsdelen for planperioden. Dette skjemaet inkluderer dei økonomiske postane som ikkje er direkte knytt til særskilde sektorområde.

Tabell 8.1: Løyvingsoversikt

Løyvingsskjema 1	Rekneskap 2024	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Rammetilskot	-524 040 988	-546 039 400	-563 692 400	-562 213 389	-1 479 011
Inntekts- og formueskatt	-403 030 129	-450 124 000	-450 124 000	-458 159 340	8 035 340
Eigedomsskatt	-88 927 078	-103 787 000	-102 787 000	-102 657 851	-129 149
Andre generelle driftsinntekter	-124 375 834	-96 728 715	-110 347 638	-119 056 729	8 709 091
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-1 140 374 029</b>	<b>-1 196 679 115</b>	<b>-1 226 951 038</b>	<b>-1 242 087 310</b>	<b>15 136 272</b>
Sum frå løyvingsskjema 2 eks fond	1 090 115 236	1 118 189 205	1 153 783 246	1 209 485 674	-55 702 428
Avskrivningar	77 421 009	80 000 000	80 000 000	78 430 647	1 569 353
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 167 536 245</b>	<b>1 198 189 205</b>	<b>1 233 783 246</b>	<b>1 287 916 321</b>	<b>-54 133 075</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>27 162 216</b>	<b>1 510 090</b>	<b>6 832 208</b>	<b>45 829 011</b>	<b>-38 996 803</b>
Renteinntekter	-17 215 714	-16 200 000	-25 200 000	-30 364 502	5 164 502
Utbyte	-12 654 073	-10 000 000	-15 548 500	-16 199 222	650 722
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-6 997 070	-6 000 000	-6 000 000	-12 003 480	6 003 480
Renteutgifter	62 622 270	63 400 000	69 600 000	66 921 066	2 678 934
Avdrag på lån	43 800 000	48 000 000	48 000 000	47 839 690	160 310
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>69 555 413</b>	<b>79 200 000</b>	<b>70 851 500</b>	<b>56 193 552</b>	<b>14 657 948</b>
Motpost avskrivningar	-77 421 009	-80 000 000	-80 000 000	-78 430 647	-1 569 353
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>19 296 620</b>	<b>710 090</b>	<b>-2 316 292</b>	<b>23 591 916</b>	<b>-25 908 208</b>
<b>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering	7 001 245	2 800 000	2 800 000	2 800 000	0
Avsetjing til bundne driftsfond	9 267 635	4 147 252	4 147 252	21 736 932	-17 589 680
Bruk av bundne driftsfond	-23 528 843	-9 590 007	-10 426 777	-21 240 645	10 813 868
<i>* Herav frå Løyvingsskjema 2</i>	<i>-15 792 884</i>	<i>-6 942 755</i>	<i>-7 779 525</i>	<i>544 756</i>	<i>-8 324 281</i>
Avsetjing til disposisjonsfond	75 244 346	72 400 000	17 913 000	-	17 913 000
Bruk av disposisjonsfond	-87 281 004	-70 467 335	-12 117 183	-26 888 203	14 771 020
<i>* Herav frå Løyvingsskjema 2</i>	<i>-53 747 207</i>	<i>-68 800 000</i>	<i>5 625 872</i>	<i>5 625 872</i>	<i>0</i>
Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-	0
<b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>-19 296 621</b>	<b>-710 090</b>	<b>2 316 292</b>	<b>-23 591 916</b>	<b>25 908 208</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

### 8.2 Løyvingsoversikt drift del 2

Løyvingsoversikt 2 inneheld budsjettramma for sektorområda i planperioden. Det er viktig å merke seg at den budsjettramma inkluderer avsetjing til og bruk av fond.

Desse postane er oppført på egne linjer i skjemaet. Ein sektor er sett saman av fleire tenesteområde som naturleg høyrer saman.

Sogndal kommune har desse inndelingane av sektorområda: «Administrasjon», «Oppvekst», «Helse og omsorg» og «Samfunn».

## Sektorområda

Tabell 8.2 syner at samla rekneskap for sektorområda er 1 215,7 mill. kr i 2025 (inkl. avsetjing og bruk av fond). Dette er om lag 64 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Vesentlege budsjettavvik på tenesteområda er kommentert sektorvis ovanfor.

Tabell 8.2: Løyvingsoversikt drift del 2 – sektorrammer

Løyvingsskjema 2	Rekneskap 2024	Opphaveleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Administrasjon	50 372 595	48 020 506	52 735 864	73 026 671	-20 290 807
Oppvekst	385 728 116	376 559 787	415 824 797	439 299 186	-23 474 389
Helse og omsorg	445 638 031	424 810 376	470 782 349	489 439 711	-18 657 362
Samfunn	161 587 221	164 955 781	220 872 031	220 981 946	-109 915
Kraft	-22 898 009	-11 700 000	-11 700 000	-12 822 395	1 122 395
Fellesområde pensjon og lønnsavsettingar	147 191	39 800 000	3 114 552	5 731 184	-2 616 632
<b>Budsjettramme tenesteområda</b>	<b>1 020 575 145</b>	<b>1 042 446 450</b>	<b>1 151 629 593</b>	<b>1 215 656 303</b>	<b>-64 026 710</b>
Overført til løyvingsskjema 1	Rekneskap 2024	Opphaveleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Budsjettramme tenesteområda	1 020 575 145	1 042 446 450	1 151 629 593	1 215 656 303	-64 026 710
Overføring til investering	2 154 880	0	0	0	0
Avsetjing til disposisjonsfond	12 353 253	0	10 913 000	10 913 000	0
Bruk av disposisjonsfond	-68 255 340	-68 800 000	-5 287 128	-5 287 128	0
Avsetjing til bundne fond	7 481 814	0	0	19 085 402	-19 085 402
Bruk av bundne fond	-23 274 699	-6 942 755	-7 779 525	-18 540 645	10 761 120
<b>Budsjettramme tenesteområda eks. avsetjing og bruk av fond</b>	<b>1 090 115 237</b>	<b>1 118 189 205</b>	<b>1 153 783 246</b>	<b>1 209 485 674</b>	<b>-55 702 428</b>

## 9 Investeringar

Investeringsutgiftene utgjorde 198,8 mill. kr i 2025, noko som er 133,2 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Dette skuldast i hovudsak at framdrifta på fleire prosjekt ligg bak det som vart lagt til grunn i budsjettet, medan nokre større prosjekt ikkje er sett i gang.

Tilskot til andre investeringar dreier seg om rammeløyving til kyrkja og kyrkjestove Kaupanger gravlund. Kyrkjestove Kaupanger gravlund er realisert i 2025. Samla tilskot til andre sine investeringar er 7,2 mill. kr.

Investeringar i aksjar og andelar i selskap utgjorde 3,2 mill. kr, om lag 0,4 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette er knytt til eigenkapitalinnskot til KLP på 3,2 mill. kr.

Tabell 9: Løyvingsoversikt investering

Løyvingsskjema investering	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmiddel	78 372 478	384 750 000	331 939 000	198 777 213	-133 161 787
Tilskot til andre sine investeringar	26 814 390	1 000 000	6 100 000	7 262 273	1 162 273
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 991 908	2 800 000	2 800 000	3 162 518	362 518
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>109 178 776</b>	<b>388 550 000</b>	<b>340 839 000</b>	<b>209 202 004</b>	<b>-131 636 996</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-10 679 159	-66 350 000	-53 437 336	-31 501 046	21 936 290
Tilskot frå andre	-9 252 926	0	-1 314 066	-24 418 518	-23 104 452
Sal av varige driftsmiddel	-270 235	0	0	-525 000	-525 000
Sal av finansielle anleggsmiddel	-1 314 244	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	-553 370	-1 050 000	-1 050 000	-1 029 936	20 064
Bruk av lån	-80 134 277	-319 400 000	-284 601 664	-151 106 177	133 495 487
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-102 204 212</b>	<b>-386 800 000</b>	<b>-340 403 066</b>	<b>-208 580 676</b>	<b>131 822 390</b>
Vidareutlån	31 258 454	40 000 000	40 000 000	27 449 544	-12 550 456
Bruk av lån til vidareutlån	-31 258 454	-40 000 000	-40 000 000	-27 449 544	12 550 456
Avdrag på lån til vidareutlån	1 738 084	6 000 000	21 563 000	18 931 402	-2 631 598
Mottekne avdrag på vidareutlån	17 301 172	-6 000 000	-6 000 000	-9 582 151	-3 582 151
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>-15 563 088</b>	<b>0</b>	<b>15 563 000</b>	<b>9 349 251</b>	<b>-6 213 749</b>
Overføring frå drift	-7 001 245	-2 800 000	-2 800 000	-2 800 000	0
Avsetjingar til bundne investeringsfond	15 589 769	0	0	6 390 961	6 390 961
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	-15 563 000	-15 563 088	0
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	0	1 050 000	2 364 066	2 364 066	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	-362 518	-362 518
Dekking av tidlegare års udekkede beløp	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetjingar</b>	<b>8 588 524</b>	<b>-1 750 000</b>	<b>-15 998 934</b>	<b>-9 970 579</b>	<b>6 028 355</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (udekkede beløp)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Investeringsutgiftene vart lågare enn revidert budsjett, som følgje av dette er bruk av lån og kompensasjon for meirverdiavgift lågare enn budsjettet. Sogndal kommune har per 31.12.2025 174,6 mill. kr i unytta lånemidlar. Bruk av lån i 2025 var 133,5 mill. kr lågare enn budsjett.

Tilskot frå andre vart 24,4 mill. kr, om lag 23,1 mill. kr høgare enn budsjettet. Dette kjem av inntekter knytt til overdraging Lerum Brygge, forsikringsoppgjjer etter brann, samarbeidsavtale om breiband med Vestland fylkeskommunen og mottak av spelemidlar frå Vestland fylkeskommune.

Bruk av lån til vidareutlån vart 27,5 mill. kr, om lag 12,6 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Nedgangen kjem av høge levekostnadar og renter, som gjer at færre kvalifiserer til finansieringsbevis. Dette fører igjen til at færre søknadar blir innvilga.

Avsetjing av bundne investeringsfond var på 6,2 mill. kr. Dette gjeld differanse mellom mottekne og betalte avdrag som skal nyttast til å nedbetale gjeld til Husbanken i 2026. Medan bruk av bundne investeringsfond var 15,6 mill. kr. Tilsvarande vart desse brukt til å nedbetale gjeld til Husbanken i 2025.

Under følger ein gjennomgang av kommunale investeringsprosjekt i 2025. Rapportering på økonomi er i forhold til revidert budsjett og ikkje i forhold til totalkostnadsramma.

## 9.1 Prosjektliste

Tabellen nedanfor viser investeringsutgifter fordelt på prosjekt i 2025. Tabellen syner opphavleg budsjett, revidert budsjett og rekneskap og kommentar til budsjettavvik og framdrift.

Tabell 9.1: Løyvingsoversikt investeringsprosjekt

Prosjekt nr.	Investeringsutgifter i varige driftsmidlar	Opphav. budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2025	Status	Kommentar
248	Dagsturhytte - Gulleplenipa	0	30 000	104 237	Ferdig	Meirforbruk skuldast lekkasje/mangelfull løysing.
721	Hittunsfjora småbåthamn	0	500 000	600 733	Ferdig	Meirforbruk skuldast ekstra kostnader knytt til vekkøyring av masser og støyping av rampe/slipp.
1720	Brannvassleidning Kaupanger	0	350 000	350 000	Pågår	Sluttoppgjjer gjenstår.
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	0	1 275 000	1 195 682	Ferdig	
12500	IKT - rammeløyving 2025	3 500 000	800 000	0		Saften forseinka, derav ubrukt rammeløyving IKT.
12501	Fiberutbygging 2025	0	200 000	5 066 250	Pågår	Utsett ferdigstilling til 2026. Store delar av kostnadane vert kompensert av Vestland fylkeskommune.
12502	Oppgradering IT-infrastruktur 2025	0	1 500 000	2 208 953	Ferdig	Auka nivå på IT Sikkerheit.
12503	Oppgradering PC-klassesett 2025	0	1 000 000	999 743	Ferdig	
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen	0	0	71 025	-	Kostnader tilknytt arbeidet med prosjektet Stedjevegen (grunneigarbidrag til reguleringsplan).
20305	Fosshagen barnehage	0	2 900 000	29 370	Pågår	Forventa ferdigstilt i 2026.
20603	Sanering av VA-anlegg Villavegen	0	119 000	0	Avslutta	Nedprioritert.
21303	Skuleutbygging Sogndal sentrum	150 000 000	150 000 000	43 066 954	Pågår	Forsinka progresjon og utbetalingsplan.
22310	Barnehage Kaupanger	0	0	1 999	Pågår	Vidareført til 2026. Handsama i sak PS 25/2026.

22325	Administrasjon og kulturlokale Saften	65 000 000	65 000 000	69 564 368	Pågår	Forventa ferdigstilt sommaren 2026.
22346	Leikanger sjukeheim - Ny varmpumpe	0	1 000 000	681 636	Ferdig	
22424	Sogndal kai. Utskifting av skjørt og fending	0	1 350 000	1 298 865	Pågår	Forventa utført april-november 2026.
22428	Turveg Balalii - Granlia	0	0	375 068	Pågår	Pågåande arbeid, kostnader blir kompensert frå VFB.
22502	VA Kongabergvegen	0	7 000 000	6 833 929	Pågår	Forventa ferdigstilt med asfaltering i april 2026.
22504	LED-lys i formålsbygg	3 000 000	3 000 000	2 145 129	Pågår	Fleirårig arbeid, noko lågare progresjon enn forventa i 2025.
22505	Oppfølging av tiltaksplan Kvernhusaugen	12 000 000	12 000 000	10 057 760	Pågår	Ferdigstillast i 2026. Fotballbane og golfanlegg lagt til som tiltak etter utførte tiltak.
22506	VA Ny slamskiljar Lunde	500 000	0	0	Avslutta	Nedprioritert.
22507	Kjøp av bustader 2025	10 000 000	20 000 000	12 547 287	Pågår	Kjøp av Ohnstadhaugen 13, Skulevegen 14 og Stedjeåsen 76.
22508	Symjebasseng Kvåle	63 750 000	2 500 000	0	Pågår	Forseinka progresjon og utbetalingsplan.
22509	Oppgradering Kyrkjebakken barnehage	5 000 000	3 000 000	282 063	Pågår	Forseinka progresjon, ferdigstillast i 2026.
22510	Plassen 8	0	2 000 000	0	Utsett	Arbeid tildelt, gjennomførast i 2026.
23402	Gatelys - utskifting	2 000 000	2 000 000	2 946 293	Pågår	Fleirårig arbeid med høgare progresjon i 2025 enn venta, Noko ekstra kostnader tilknytt utskifting av gatelys i Røysavegen etter "Amy".
23404	Oppgradering av Amlavegen	0	484 000	0	Utsett	Utsett til 2026.
23504	VA Nornes	15 000 000	2 000 000	878 396	Pågår	Langtidsprøvepumping pågår, vidareført til 2026.
23506	VA OV Bråtane	0	375 000	31 785	Pågår	Forseinka. Prosjektering pågår.
23551	Reguleringsplan Kvåle	0	0	34 194	Pågår	Ferdigstillast i 2026. Kostnader knytt til avslutting av avtale og reguleringsplan for barnehagen på Kvåle.
30223	Kaupanger skule	0	75 000	87 388	Ferdig	
30823	2.etg Holmatunet	0	1 000 000	1 248 758	Ferdig	Meirforbruk pga. låsesystem finansiert av ikkje overført tilskot.
32404	Oppgradering vindauge/dører Balestrand helsesenter	0	200 000	185 222	Ferdig	
32406	Oppgradering av kunstgrasbaner	0	325 000	5 484	Ferdig	
32410	Ventilasjonsanlegg SFO Sagatun skule	0	1 000 000	1 000 000	Ferdig	
32500	Bygg - rammeløyving 2025	4 600 000	1 357 500	0		
32501	Ny inngang brannstasjon Balestrand	450 000	500 000	0	Pågår	Bestilt og planlagt, ferdigstillast i 2026.
32502	Oppgradering garderobar Belehalli	2 500 000	0	0	Utsett	Arbeid utsett til 2026.
32503	Kjøleanlegg Balestrand helsetun	1 200 000	1 200 000	1 354 552	Ferdig	
32504	Skifte kledning/verandaer Plassen 8 (ikkje bruk - nytt prosjekt 22510)	750 000	0	0		
32505	Takoverbygg Leikanger barneskule	0	387 500	388 228	Ferdig	
32507	Oppgradering klasserom og opphaldsrom for personar med funksjonshemming	0	280 000	280 000	Ferdig	
32508	Norane oppvekstsenter - Rehabilitering og standardheving	0	1 500 000	1 322 934	Pågår	Arbeid pågår. Ferdigstillast i 2026.
32509	Saften - Fallhindring på taket	0	280 000	219 440	Ferdig	
32510	Dalavegen 2 - Tekniske oppgraderingar 2025	0	1 600 000	1 065 143	Pågår	Arbeid pågår. Ferdigstillast i 2026.
32511	Brannsikring Kulturhuset 2025	0	995 000	1 154 167	Pågår	Arbeid pågår. Ferdigstillast i 2026.
42405	Trafikktryggingstiltak - veg/snuplass Kaupanger skule	0	100 000	97 074	Ferdig	

42410	Mur, autovern ved Navarsetevegen 38	0	200 000	73 918	Ferdig	
42412	Intensivbelysning og gangfelt Leighota	0	400 000	402 323	Ferdig	
42500	Veg - rammeløyving 2025	4 000 000	150 000	0		
42501	Farthumpar i bustadfelt 2025	500 000	500 000	547 500	Ferdig	
42502	Rekkverk Øyragrendi	800 000	1 300 000	1 412 258	Ferdig	
42503	Sikring av stein i Bråtane	800 000	850 000	851 982	Ferdig	
42504	Busstopp nedre Kjørnes	300 000	300 000	300 000	Ferdig	
42505	Innkjøp av maskiner (veg) 2025	3 100 000	3 600 000	4 156 250	Ferdig	
42506	Oppgradering av Stedje gravlund	0	740 000	734 640	Ferdig	
42507	Nytt fortau ved Rones barnehage langs kv 2600 Helgheimsvegen 28 meter	0	460 000	194 727	Ferdig	
42508	Overvassrøyr frå Amcarklubben til Køff	0	400 000	554 583	Ferdig	
52402	VA Bedehuskommen	0	1 400 000	1 031 239	Pågår	Sluttoppgjer gjenstår
52403	Brannvatn KIL Kvernhusaugen	0	0	-3 389	Ferdig	
52500	Avløp - rammeløyving 2025	15 000 000	8 895 000	0		
52501	VA Forlenging utsleppsledningar i Sogndalsfjorden	0	2 500 000	1 780 541	Pågår	Sluttoppgjer gjenstår
52502	VA Jektestrondi overløp	0	1 250 000	0	Utsett	Utsett til 2026
52550	Vatn - rammeløyving 2025	20 000 000	13 801 000	0		
52551	VA Nye brønner Hodlekve	0	600 000	956 234	Pågår	Langtidsprøvepumping pågår. Prosjektet er vidareført til 2026.
52552	VA HB Gurvin, taksift	0	450 000	310 302	Ferdig	
52554	VA Brannhydrant Leikanger barneskule	0	350 000	98 486	Ferdig	
52555	VA Hovudvassledning i Henjadalen, Leikanger	0	260 000	303 156	Ferdig	
52556	VA Nødvassutsyr	0	850 000	636 847	Ferdig	
60123	Rasoppdydding Tverrdøla	0	500 000	222 151	Pågår	Ventar på sluttoppgjer
92500	Grunnkjøp/-sal - Rammeløyving 2025	1 000 000	1 000 000	0		
98901	Justeringsavtale Nedrehagen utvikling AS	0	0	58 963		
98902	Justeringsavtale Åsen & Øverlid	0	0	70 938		
98904	Justeringsavtale Gravdal bustadprosjekt	0	0	131 120		
98905	Justeringsavtale Lerum brygge	0	0	14 172 337		
<b>SUM</b>		<b>384 750 000</b>	<b>331 939 000</b>	<b>198 777 215</b>		

## 10 KOSTRA-tal

Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte førebelse KOSTRA-tal for 2025 den 16. mars. Rekneskapstala for kommunekonserna for 2025 viser ei betydeleg styrking etter svake resultat dei to føregåande åra, og då særleg i 2024.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) påpeika at det er sterk inntektsvekst, innsparingstiltak og omstillingar i både kommunar og fylkeskommunar som skuldast betringa<sup>5</sup>.

KS sin rekneskapsundersøking for 2025 viser at kommunane har eit anslått netto driftsresultat på 2,4 prosent i 2025 mot -0,4 prosent i 2024. Samstundes hadde 34 prosent av kommunane i undersøkinga eit negative netto driftsresultat i 2025, mot 58 prosent av dei same kommunane i 2024. Trass i den generelle forbetringa er skilnadane mellom kommunane framleis store, og 25 prosent hadde negative netto driftsresultat både i 2024 og 2025<sup>6</sup>.

For Sogndal kommune (kommunekonsernet) utgjer netto driftsresultat -1,3 prosent i 2025 mot -0,7 prosent i 2024. Dette viser at kommunen får ei ytterlegare svekking i netto driftsresultatet, trass i at økonomien generelt i kommunane er styrka.

I vurdering/analyse av utviklinga til Sogndal kommune og ei samanlikning med eit gjennomsnitt for alle kommunane i landet<sup>7</sup> og KOSTRA-gruppa til Sogndal, blir det teke utgangspunkt i kommunekonsernet. Kommunekonsernet omfattar kommunen (kommunekassen) med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (kommunale oppgåvefelleskap (KO), interkommunale politiske råd (IPR)).

Utvikling av sentrale økonomiske nøkkeltal i perioden 2020 – 2025 for Sogndal kommune, gjennomsnitt for kommunane i landet og Kostra-gruppe 8.<sup>8</sup>

---


<sup>5</sup> Teknisk berekningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi. [Rapport med notater fra Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

<sup>6</sup> KS (03.03.2026). Regnskapsundersøkelse regnskapsåret 2025. [ks-regnskapsundersokelse-2025.pdf](#)


<sup>7</sup> På grunn av store svingingar frå 2024 til 2025 er estimat for manglande kommunar vurdert å kunne gje eit misvisande nivå på Kostra-tal utan Oslo (som er vanleg å nytte)

<sup>8</sup> [Kostra-gruppe 8](#): folketal 10 000-19 999, låge bundne kostnader, middels eller høge frie disponible inntekter (korrigerede inntekter) – totalt 13 kommunar i gruppa.


Figur 10.1: Utvikling av netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter.




Figur 10.2: Utvikling av disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter.




Figur 10.3: Utvikling av langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i prosent av brutto driftsinntekter.



Figur 10.4: Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (viser kva ein renteauke på 1 prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med – t.d. for landet (eks. Oslo) om lag 0,54 prosent av driftsinntektene).



Figur 10.5: Eigenfinansiering av investering i prosent av brutto investeringar



### Utgifter fordelt tenestegruppe - samanlikna med andre kommunar

Tabell 9.1 syner utgifter til ulike tenesteområde basert på tal frå rekneskap 2025.

Tala i tabellen viser netto driftsutgifter per innbyggjar justert for utgiftsbehov.

Fordeling av utgifter på ulike tenester følgjer ein eigen KOSTRA-rettleiar. Sogndal kommune brukar 90 049 kr per innbyggjar til tenesteyting.

Tabell 10.1: Førebelse KOSTRA-tal for netto utgifter per innbyggjar for tenesteområda (Kjelde: Framsikt Analyse, Sogndal kommune)

	Sogndal	KOSTRA-gruppe 08	Vestland	Vestvågøy	Stad	Voss herad	Luster
Grunnskule	18 670	19 803	18 137	19 904	17 596	18 659	22 032
Pleie og omsorg	33 144	29 622	26 503	24 673	27 299	23 108	31 365
Barnevern	1 587	2 851	3 270	2 044	2 070	6 188	2 177
Barnehage	11 390	12 753	11 724	12 722	11 631	11 372	13 234
Kommunehelse	5 265	5 891	4 649	5 430	4 060	4 650	5 351
Sosiale tenester	4 303	4 813	4 699	4 532	3 811	4 788	7 620
Kultur og idrett	2 642	3 518	2 984	3 382	2 294	2 907	4 122
Plan, kulturminn, natur og nærmiljø	1 373	1 446	1 093	781	1 048	1 089	1 703
Adm, styring og fellesutgifter	8 659	7 002	5 853	8 664	5 366	7 046	6 467
Andre områder	3 016	2 655	2 322	4 352	4 352	4 556	-3 982
- Brann og ulykkesvern	1 608	1 626	1 160	1 164	955	1 009	1 790
- Kommunale bustadar	59	18	372	-96	744	960	298
- Samferdsel	2 038	2 200	1 140	2 094	2 307	2 217	4 700
- Næringsforv. og konsesjonskraft	-1 574	-2 073	-1 191	332	-545	-389	-12 153
- Kirke	885	884	841	858	891	759	1 383
<b>Totalt</b>	<b>90 049</b>	<b>90 353</b>	<b>81 233</b>	<b>86 485</b>	<b>79 528</b>	<b>84 363</b>	<b>90 088</b>

Sogndal kommune har noko lågare nettoutgifter per innbyggjar enn snittet for KOSTRA-gruppe 8. Dersom ein samanliknar Sogndal kommune med snittet for

KOSTRA-gruppe 8, ser ein likevel at Sogndal kommune har høgare nettoutgifter per innbyggjar spesielt på tenesteområda pleie og omsorg og administrasjon, styring og fellesutgifter. På andre tenesteområde har Sogndal kommune netto lågare utgifter per innbyggjar enn snittet i KOSTRA-gruppe 8.

Det er særleg pleie og omsorg som skil seg ut. Rapporteringa syner at nettoutgifter til pleie og omsorgstenester i Sogndal kommune er om lag 3 522 kr høgare per innbyggjar enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. Men rapporten syner også at netto utgifter til administrasjon, styring og fellesutgifter i Sogndal kommune er om lag 1 657 kr høgare per innbyggjar enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa.

Skilnader i nettoutgifter kan skuldast både høgare utgifter på grunn av dekningsgrad, effektivitet eller tenestestandard/kvalitet og det kan skuldast lågare inntekter. Meir inngåande analysar må gjerast for å forklare skilnader.

## 11 Interkommunale samarbeid

### 11.1 Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Indre Sogn. Arbeidet til miljøretta helsevern skal fremje innbyggjarane si helse og beskytte mot forhold som kan føre til helseskade. Kommunen er tildelt ansvar og oppgåver som forvaltningsmynde innanfor folkehelse og miljøretta helsevern. Dette er den instansen som utøver kommunen sitt forvaltningsarbeid, i nært samarbeid med kommuneoverlegen i kvar kommune. Miljøretta helsevern består av to fast tilsette. I tillegg er fire kommuneoverlegar knytt til samarbeidet. Sogndal kommune sine utgifter til miljøretta helsevern var 0,7 mill. kr i 2025.

### 11.2 Frisklivssentralen

Frisklivssentralen jobbar med livsstilendring. Tidleg innsats, førebygging og helsefremming vil gi meir helse til innbyggjarane på lengre sikt. Vidare vil me gjennom å styrke dette feltet gjere det mogleg for innbyggjarane å bli rehabiliterte etter sjukdom og skade og å kunne bu lengre i eigen heim. Sogndal kommune sine utgifter til frisklivsarbeidet var 1 mill. kr i 2025.

### 11.3 Legevaktsentral

Sogndal kommune har i lag med andre kommunar i Sogn avtale om legevaktsformidling. Legevaktsentralen (LVS) er lokalisert til Lærdal sjukehus. Kommunen sin avtalepart er Lærdal kommune. Kostnadane blir fordelt 40 prosent likt og 60 prosent etter folketal. Sogndal kommune sine utgifter til LVS i 2025 var 3,2 mill. kr. Dette er eit meirforbruk på 0,14 mill. kr opp mot budsjett.

### 11.4 Sogn IPR / Sogn KO

Kommunesamarbeidet i Sogn er no organisert i samsvar med det kommunelova skisserte som krav frå 2024. Kommunestyret vedtok i 2023 etablering av Sogn interkommunalt politisk råd, for den politiske delen, - og Sogn kommunalt oppgåvefelleskap for den administrative delen, koordinering og utvikling av tenestesamarbeidet.

Sognrådet interkommunalt politiske råd (IPR) er eit samarbeid mellom 6 kommunar i Sogn. Sognrådet har eit felles sekretariat med to faste stillingar lagt til Sogndal kommune. I 2025 var kontingenten for Sogndal kommune på 0,8 mill. kr.

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO) er eit oppgåvefelleskap for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Sogndal og Luster, med mål om å styrkja teneste- og samfunnsutviklinga i Sogn. Sogn KO eit eige rettssubjekt, og Sogndal kommune har ein eigardel i Sogn KO på 16,67 prosent. I 2025 var kontingenten for Sogndal kommune 1 mill. kr.

### 11.5 Skog i Sogn

Skog i Sogn er eit interkommunalt samarbeid mellom Høyanger, Vik, Sogndal, Luster, Aurland, Lærdal og Årdal, der Sogndal kommune er vertskommune. Det er 3 stillingar med 2,6 årsverk som gjennomfører alle oppgåver etter skoglovgjeving og forvaltning som er lagt til kommunane. Føremålet er å gje ei fagleg forvaltning samt

bidra til eit aktivt nærings- og utviklingsarbeid innan skogbruket i regionen. Sogndal kommune sine utgifter til Skog i Sogn i 2025 var 0,96 mill. kr.

Ved årsskiftet er det vedteke å etablere samarbeidet som vertskommunesamarbeid med Vik som vertskommune, med same ressursinnsats som tidlegare. Høyanger har trekt seg ut av samarbeidet.

### 11.6 Sogn kulturskule

Sogn kulturskule er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogndal og Luster med Sogndal kommune som vertskommune. Sogn kulturskule har i dag om lag 10 undervisningsstillingar. Hovudoppgåva er å samarbeide om å få gode tenester til brukarane og med mål om større breidde og høgare kompetanse enn eigen skule i kvar kommune. Sogndal kommune sine utgifter til kulturskule i 2025 var 9,2 mill. kr.

### 11.7 Sogn friluftsråd KO

Sogn friluftsråd kommunalt oppgåvefelleskap (KO) er eit oppgåvefelleskap for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Sogndal og Luster for å ivareta friluftsoppgåver for medlemskommunane. Sogn friluftsråd KO eit eige rettssubjekt, og Sogndal kommune eig 16,67 prosent av friluftsrådet. I 2025 var deltakaravgifta for Sogndal kommune på 0,3 mill. kr.

### 11.8 Sogn barnevern og Sogn barnevernsvakt

Sogn barnevern er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogndal og Luster, der Sogndal er vertskommune. Sogn barnevern (interkommunal del) har i dag om lag 20,8 årsverk.

Hovudoppgåva følgjer av lov om barnevernstenester sin føremålsparagraf § 1-1: *«Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse. Loven skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.»*

Sogn barnevern er vertsskap for Sogn barnevernsvakt, som har vaktordning utanfor kontortid for kommunane i Sogn barnevern samt kommunane Høyanger og Vik.

### 11.9 Sogn PPT og logopedisamarbeid

Sogn PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik med Sogndal kommune som vertskommune. Kontoret har 10,6 årsverk som sakshandsamarar på PPT. Hovudoppgåva er å jobbe individ- og systemretta etter mandat i opplæringslova og barnehagelova.

Arbeidet er i stor grad blir individretta. Både barnehagar og skular melder frå om at dei har behov for innsats på systemnivå. Sogn PPT har også eit ynskje om å kunne arbeide meir systemretta som til dømes med rettleiing og tidleg innsats for på den måten å redusere trongen for spesialundervisning. Sogndal kommune sine utgifter til PPT i 2024 var om lag 5 mill. kr.

Logopedisamarbeidet vart oppretta i 2017. Dette samarbeidet omfattar i dag same område som Sogn PPT. Kontoret har 1,9 årsverk som utøvande logopedar. Logopedane jobbar direkte med personar i alle aldrar som har eit enkeltvedtak om

behov for logoped etter barnehagelova og opplæringslova. Sogndal kommune sine utgifter til logopedi i 2024 var om lag 1,1 mill. kr.

### 11.10 Jordmorvakt

Kommunane Luster og Sogndal organiserer følgjeteneste og jordmorvakt i samarbeid med og frå Helse Førde HF. Sogndal kommune har det administrative ansvaret for ordninga. Tilbodet om følgjeteneste omfattar ikkje innbyggjarane som bur i tidlegare Balestrand kommune. Der vert det gjeve tilbod om imøtekøring med jordmor i ambulansse frå Førde sentralsjukehus. Sogndal kommune har også samarbeidsavtale med Helse Førde og Vik kommune om å hjelpe til ved behov.

### 11.11 Sogn brann og redning IKS

Selskapet dekkjer kommunen sine oppgåver til brannvernberedskap, førebyggjande brannvern med feieteneste samt byggsakstilsyn. Sogndal kommune har i 2025 kjøpt tenester for om lag 20,4 mill. kr frå Sogn brann og redning IKS. Sogndal kommune sin eigardel i Sogn brann og redning IKS er 56 %.

### 11.12 Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS

SIMAS er eigd av kommunane i indre Sogn. Selskapet har som føremål å løyse eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering. Sogndal kommune sin eigardel i SIMAS IKS er 36,99 %. Innsamling av privat avfall vert finansiert av innbyggjarane etter prinsipp om sjølvkost.

### 11.13 Alarmsentralen IKS

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er eigd av 24 kommunar. Alarmsentralen er eit respons og kompetansesenter for eigarkommune med hovudvekt på tryggleiksalarmar og velferdsteknologi. Alarmsentralen er mottak for alarmar som brann, heis og andre tekniske alarmar.

### 11.14 Kommunearkivordninga i Vestland KO

Kommunearkivordninga i Vestland er eit kommunalt oppgåvefelleskap. 18 kommunar deltek i samarbeidsordninga. Føremålet med samarbeidet er å leggje til rette for at arkiva til deltakarkommunane vert handtert, teke vare på og formidla i samsvar med arkivlova. I praksis yter samarbeidet depottenester for papir og elektroniske arkiv, samt ordning og digitaliseringstenester.

### 11.15 Interkommunal samhandlingskoordinator

17 kommunar i regionen Sogn og Fjordane samarbeider om stillinga som samhandlingskoordinator. Føremålet med stillinga er vedteke i KS sitt rådmannsutval: «Stillinga skal vere kommunane i Sogn og Fjordane sitt felles talerøyr i høve til Helse Førde når det gjeld samhandlings, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå».